



Møteinnkalling

Utval:	Fitjar kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Kommunestyresalen
Dato:	04.05.2022
Tid:	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å **ringa til** Helge Inge Johansen tlf. mob. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson tlf. mob. 911 05 982

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Bjørg Tislevoil
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.03.2022	033	
	Politiske saker		
PS 6/22	Årsmelding og årsrekneskap 2021 for Fitjar kommune - Uttale frå kontrollutvalet	216	
PS 7/22	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - handlingsplan	217	
PS 8/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	033	
PS 9/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 4/22	Rapport frå tilsyn med undersøkingar i Sunnhordland interkom Barnevern i 2021	040	
RS 5/22	VS: FKT - Høring Veileder Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget	073	
RS 6/22	Høyringsvar NKRF sin "Veileder for kontrollutvalgets påseansvar" og NKRF sitt pågåande arbeid med normering av sekretariat sine oppgåver	073	
RS 7/22	FKT - Medlemsinfo mars 2022	073	

GK 3/22 Godkjenning av innkalling og sakliste



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/120-3
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	4/22	04.05.2022

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.03.2022

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.03.2022 er vedlagt saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Kommunestyresalen
Dato:	02.03.2022
Tid:	10:00 - 10:45

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Björg Tislevoll	LEDER	H
Kjell Aleksander Skogsrud	Nestleder	AP
Jostein Sandvik	Medlem	KRF
Gro Rydland	Medlem	SP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Frank Solli	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Jostein Skram	Frank Solli	FRP

Merknader**Andre som møte:**

Gjermund Hagesæter	Kommunedirektør
Anne Økland	Etatsjef for helse og omsorg
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Björg Tislevoil
utvalsleiarHelge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.11.2021	033	
	Politiske saker		
PS 1/22	Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - prosjektplan	217	
PS 2/22	Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2021	146	
PS 3/22	Møteplan 2022 for kontrollutvalet	033	
PS 4/22	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	033	
PS 5/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 1/22	Budsjettvedtak 2022 for kontrollutvalet	151	
RS 2/22	FKT - Fagkonferanse juni 2022	073	
RS 3/22	FKT - Medlemsinfo desember 2021	073	

Godkjenningssaker

GK 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 02.03.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

GK 2/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.11.2021

Saksprotokoll 02.03.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 29.11.2021.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.11.2021 vart godkjent

Politiske saker

PS 1/22 Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene.
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda sekretariatet innan 23.03.2022. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapporten vert ferdig innan 01.04.2023, inkludert rådmannen sin uttale.

Saksprotokoll 02.03.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær orienterte kort om forslag til prosjektplan slik den ligg føre.

Administrasjonen med kommunedirektør og etatsjef helse og omsorg ønskjer at oppstart av forvaltningsrevisjonen vert endra til hausten 2022 i staden for våren 2022.

Dette grunna at helse og omsorg er svært pressa for tida grunna mellom anna høgt sjukefråvær.

I møtet vart det avklart med Deloitte AS at dei kan starta opp arbeidet hausten 2022. Dette vil ikkje endra på tidspunkt for ferdig revisjonsrapport. Denne vert ferdig innan 01.04.2023.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene.
2. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønsker at revisjonsrapporten vert ferdig innan 01.04.2023, inkludert kommunedirektør sin uttale.

PS 2/22 Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2021

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2021 for kontrollutvalet.

Saksprotokoll 02.03.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær orienterte kort om Årsmelding 2021 for kontrollutvalet sitt arbeid. Det var ingen kommentar til årsmeldinga for 2021.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2021 for kontrollutvalet

PS 3/22 Møteplan 2022 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2022:

Dato:
02.03.2022
04.05.2022
14.09.2022
07.12.2022

Saksprotokoll 02.03.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær presenterte forslag til møteplan slik den ligg føre. Kontrollutvalet hadde ingen merknad til denne.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2022:

Dato:
02.03.2022
04.05.2022
14.09.2022
07.12.2022

PS 4/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 02.03.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering

PS 5/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 02.03.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen saker under eventuelt

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka

RS 1/22 Budsjettvedtak 2022 for kontrollutvalet

Saksprotokoll 02.03.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær informerte om budsjettvedtaket og at kontrollutvalet har fått redusert budsjettet vesentleg.

Ut i frå at oppstart av forvaltningsrevisjon (PS 1/22) vert hausten 2022 og ikkje våren 2022 vil budsjettet sannsynlegvis vere tilstrekkeleg.

Kontrollutvalet vil be om ekstramidlar/auka budsjett om ein treng det.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering

RS 2/22 FKT - Fagkonferanse juni 2022

Saksprotokoll 02.03.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering

RS 3/22 FKT - Medlemsinfo desember 2021

Saksprotokoll 02.03.2022 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering



Saksframlegg

Saksnr: 2022/122-3
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	6/22	04.05.2022

Årsmelding og årsrekneskap 2021 for Fitjar kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fitjar kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2021.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 28 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 14.09.2022 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten
3. Kontrollutvalet tek uavhengig revisor sin attestasjonsuttale om etterlevelse av bestemmelser om offentlig tilskudd til private barnehager til etterretning.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2021 for Fitjar kommune. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet om Årsrekneskapen for 2021
- 2 Årsmelding 2021.pdf

- 3 Rekneskap 2021.pdf
- 4 Fitjar kommune - revisjonsberetning 2021
- 5 Fitjar kommune revisjonsrapport nr 28
- 6 Fitjar kommune etterlevelseskontroll

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Innleiing

Kontrollutvalet skal i møte 04.05.2022, behandla utvalet sin uttale til Fitjar kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2021.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vere til stades i møtet for å presentere årsrekneskapen og svare på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1, 25-1 og 25-2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap frå kommunedirektør, motteke 31.03.2022
- Kommunedirektør si årsmelding, motteke 31.03.2022
- Revisjonsmelding frå Deloitte AS, dagsett 19.04.2022
- Revisjonsrapport 2021 frå Deloitte AS nr. 28, dagsett 19.04.2022

- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til kommunen
- I tillegg har ansvarleg revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

Revisjonsmelding frå Deloitte AS:

Kommunen sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram ei rein revisjonsmelding, vedlegg 2. Her er medteke at netto driftsresultat er kr. 1.699 000.

Revisor skriv mellom anna dette i sin konklusjon:

- Etter vår mening oppfyller årsrekneskapet gjeldende lovkrav, og
- Gir årsrekneskapet en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen i kommunekassen per. 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal rekneskapskikk i Norge.

Vidare har Deloitte konkludert slik når det gjeld vesentlege budsjettavvik, jf. kommunelova § 14-7, b):

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.»

Nummerert brev nr. 28 - rekneskapsåret 2021 frå Deloitte AS

Revisjonsrapport nr. 28 for rekneskapsåret 2021 frå Deloitte AS til kommunen, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapsaka i kontrollutvalet, vedlegg 3. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte AS gjeve nokre tilrådingar til kommunen på tilhøve som bør og kan forbeholdast.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vurdere om dei skal be kommunedirektør om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å rette opp i desse tilrådingane.

Attestasjonsuttale om etterlevingskontroll

I den nye kommunelova § 24-9 «Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen» står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.»

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette leverte Deloitte AS «Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterleving

av bestemmelser for offentlig tilskudd til private barnehager» dagsett 19.04.2022, vedlegg 4.

«Vi har utført attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Fitjar kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak av tilskudd til private barnehager. Vi har gjort en nærmere gjennomgang av Fitjar kommunes rutine for beregning av tilskudd til private barnehager og vurdere denne mot regnskapstall og «Veileder for beregning av tilskudd til private barnehager» Kontrollen er utført i perioden 01.01.2021 – 31.12 2021.

Til slutt konkluderer Deloitte AS m.a. slik:

«Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Fitjar kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd bestemmelsane knytt til tilskudsreglementet for offentlige tilskudd.»

Sekretariatet merker seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

«Året 2021 har vore enda eit år der pandemi og smittevern har prega vore liv og stilt ekstraordinære krav til kommunal tenesteyting. Takka vere fleksibilitet og god innsats frå dei tilsette har kommunale tenester i hovudsak blitt levert som planlagt. Det økonomiske resultatet for fjoråret er også betre enn frykta. Fitjar kommune har i 2021 fått eit netto driftsresultat på 1,7 mill. Dette er 5,4 mill. betre enn det reviderte budsjettet var gjort opp med. I prosent er det ca. 0,72% og altså noko svakare enn det burde vore, men likevel betre enn frykta. Årsak til overskotet er i hovudsak:

- Rammetilskotet frå staten blei 2,1 mill. betre enn det som låg i revidert budsjett
- Inntekts- og formueskatt blei 7,2 mill. betre enn det som vart lagt til grunn.

Når det gjeld driftskostnadene for 2021 så blei dei totalt 3,5 mill. høgare enn det som vart budsjettet. Medan politisk leiing hadde eit overskot på 0,9 mill. og helse- og omsorg kom 2,5 mill. betre enn budsjett hadde følgjande einingar høgare forbruk enn budsjett:

- Plan, utvikling og teknisk: - 3,7 mill.
- Oppvekst og kultur: - 1,4 mill.
- Administrasjon: - 1,6 mill.

Grunnen til meirforbruket er samansett og er forklart under dei ulike einingane. Pandemien har også påført kommunane ekstrakostnader, men det meste av dette er blitt kompensert frå staten. Fitjar kommune har lagt vekt på å halde kvardagen i tenestene så vanleg som mogleg over tid, noko som har halde dei ekstra pandemikostnadane moderate. Det vert uansett viktig å halde fokus på økonomistyring i tida som kjem...»

I tråd med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsberetningane før formannskapet innstiller til vedtak.

Rådmann har lagt fram ei årsmelding som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2021.

6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard

- e) *den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling*
- f) *hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»*

Sekretariatet har merka seg at desse tilhøva er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2021.

Vurderinga av økonomiforvaltninga og internkontroll i kommunen byggjer på rapportar frå rekneskapsrevisor, forvaltningsrevisjon og informasjon frå kommunen.

- Det er ikkje avdekkja vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen, verken gjennom revisor sine rapporteringar gjennom året eller i deira orienteringar til kontrollutvalet. Revisor peikar likevel på fleire forhold i sin revisjonsrapport 2021 som kan og bør forberast, vedlegg 3.
- Revisor har stadfesta i revisjonsmeldinga at budsjettavvik og avvik frå budsjettpremissane er tilfredsstillande forklart i årsmeldinga.
- Det er ikkje meldt om misleghald til kontrollutvalet i 2021
- Oversyn over statlege tilsyn i 2021 går fram av årsmeldinga frå rådmannen.

Vidare står det dette i kommunlova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»


Fitjar kommune har ikkje rapportert om internkontroll som ein del av årsmeldinga, men det er rapportert om statlege tilsyn.

7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)

Økonomisk handleevne

Av rekneskapa for 2021 har sekretariatet merka seg eit netto positivt driftsresultat med kr 1.699.000 som utgjer eit netto resultatgrad på 0,52 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på 4,3 % i 2021. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Fitjar kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2017 (+ 0,96 %), 2018 (+ 5,43 %), 2019 (+1,90%), 2020 (+ 2,22%) og 2021(0,52%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2021 er positivt. Det er svakare enn tilrådingane frå TBU og mykje svakare enn snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle drifts-utgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Fitjar kommune har ei lånegjeld i 2021 tilsvarende 67,9% av sum driftsinntekter, altså noko betre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal var 71,6 % i 2019 og 69,7% i 2020. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 11,9 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. I 2020 finn vi at denne gjeldsbelastninga er på 4,9 %.

Oppsummering

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Rekneskapsmessig mindreforbruk i høve regulert budsjett
- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Revisjonsrapport nr. 28
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Tilhøve om tala i årsmeldinga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2

Konklusjon

Fitjar kommune har i 2021 eit driftsresultat på 0,52%, noko som er monaleg svakare enn tilrådinga frå TBU (1,7%) og mykje svakare enn landsgjennomsnittet (4,3%). Lånegjelda til Fitjar kommune er tilfredsstillande med 67,9%, Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje må ha meir enn 75 % i lånegjeld. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 11,9% av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %.

Totalt sett har Fitjar kommune eit svakt driftsresultat (sjølv om det er positivt), tilfredsstillande lånegjeld og disposisjonsfond

På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 28 for 2021 frå Deloitte AS meiner sekretariatet at kontrollutvalet bør be kommunedirektør om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.

Til Fitjar kommune ved kommunestyret.

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2021

Kontrollutvalet har 04.05.2021 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021 for Fitjar kommune som er motteke frå rådmann 30.03.2022, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 19.04.2022

Kommunen har i 2021 eit netto driftsresultat på kr 1.699.000. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen / årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2021 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på 0,52 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 67,90 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 4,90 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 11,87 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%

Kontrollutvalet registrerar at nøkkeltala for kommunen i det alt vesentlege er innafør tilrådingane med unntak av netto driftsresultat og difor tilfredsstillande.

Andre områder:

Kontrollutvalet tilrår at Fitjar kommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 28 frå Deloitte. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar

Kontrollutvalet ber kommunestyret ta resultat av etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga frå Deloitte AS, dagsett 19.04.2022 til etterretning.

Kontrollutvalet er i all hovudsak nøgd med Fitjar kommune si årsmelding knytt til omtale av kommunelova § 14-7 a-f og rapportering etter kommunelova § 25-2 internkontroll og tilsyn, men det er ikkje rapport i årsmeldinga om intern kontroll.

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering:

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga av 19.04.2022 og revisjonsrapport nr. 28, dagsett 15.04.2022, har kontrollutvalet ikkje merknadar til Fitjar kommune sin årsrekneskap for 2021.

Kopi:

Formannskapet



FITJAR



Foto: Karin Steinsland Stokken

Årsmelding 2021

Fitjar kommune

Innholdsliste

ORDFØRAREN HAR ORDET	3
FOLKEVALDE OG RÅDSMEDLEMAR.....	4
POLITISK OG ADMINISTRATIV ORGANISERING	5
ETIKK	6
KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING	7
ØKONOMI OG DRIFTSRESULTAT.....	9
ETAT FOR HELSE OG OMSORG	11
ETAT FOR OPPVEKST OG KULTUR	17
ETAT FOR PLAN-, UTVIKLING OG TEKNISK	24
ADMINISTRASJON OG POLITISK LEIING.....	30
INVESTERING	33

ORDFØRAREN HAR ORDET

Gode innbyggjarar og andre vener av Fitjar.

Då me gjekk ut av pandemiåret 2020 visste me lite om kva som skulle møta oss i det nye året. No er 2021 historie og me kan summera opp korleis det gjekk. Pandemien slapp ikkje heilt taket. På hausten såg me litt lysare på det. Ny nedtur kom likevel før jul, med inngripande tiltak som gjorde at slutten på året ikkje vart det me hadde håpa på. Eg er imponert over tolmodet og ansvaret folk i Fitjar har vist under pandemien. Dette har gjort at lokalsamfunnet vårt har komme godt i frå det med lite smitte, sjukdom og andre negative konsekvensar.

Eg vil takka for tilliten eg har fått til å vera ordførar for denne flotte kommunen. Kvar dag gler eg meg over alle som står på for at folk i Fitjar skal kunne leva gode liv. Godt samarbeid mellom det offentlege, næringsliv, frivillig sektor og eldsjeler er det som skal til for å lukkast i dette arbeidet.

I Fitjar kommune har me engasjerte og dugande lokalpolitikarar som står på for kommunen sin. Arbeidet i kommunestyret er prega av samarbeid og godt humør. I arbeidet med å byggja gode samfunn, der folk kan leva godt saman, er det tre element som må brukast flittig.

Det er DIALOG – KOMPROMISS – RESPEKT. Ingen kan heile tida få det akkurat som dei vil, men me kan arbeida oss fram til gode kompromiss som me tek med oss vidare. Då er det viktig at det vert vist respekt for det ein er kommen fram til. Eg vil at alt arbeid i kommunen skal vera prega av dette.

Kommunane blir målt på det me driv med heile tida. I tillegg til direkte tilbakemeldingar frå brukarane vert me m.a. målt i noko som heiter Kommunebarometeret. Der vert alle kommunane i landet vurdert på ei rekkje område. Fitjar kommune har dei siste åra

vore blant den beste tredjedelen av dei 356 norske kommunane. På nokre område gjer me det svært godt, medan på andre område har me mål å bli betre. Me ser m.a. at me bør arbeida for å verta ein meir open kommune. Elles vil du sjå i årsmeldinga at me arbeider for å levera betre på fleire område som kommunen har ansvar for.

Om ikkje alt gjekk Fitjar kommune sin veg i 2021, må me likevel kunna sei at det har vore eit bra år. Det økonomiske resultatet vart positivt og betre enn forventa. Næringslivet i Fitjar har stort sett klart seg godt gjennom pandemien og fleire gode tilbod er etablerte i Fitjar siste året. Trass utfordringar med pandemien har kommunen greitt å levera gode tenester heile året. Takk til alle dei gode medarbeidarane for godt arbeid i 2021.

Til slutt vil eg takka alle som er med og bidreg til at bygda vår skal vera ein god stad å bu, arbeida og ha fritida si. Alt ligg til rette for at me saman kan skapa i god framtid for Fitjar!

FOLKEVALDE OG RÅDSMEDLEMAR

Kommunestyret

Harald Rydland (ordfører), Sigurd André Maraas (varaordfører), Bård Inge Sørfonn, Rune Helland, Rolf Atle Rolfsnes, Karen Marie Sætre, Astrid Koløen Prestbø, Kristian Skumsnes, Karen Elisabet Rydland Sæbø, Grete Marit Veka Maraas, Frank Solli, Jo Kjetil Strand, Arne Prestbø, Kristine Kleppe Dalen, Kjell Nesbø, Angunn Bårdsen, Ole André Ertsås Westerheim

Formannskapet

Harald Rydland, Sigurd André Maraas, Karen Elisabet Rydland Sæbø, Kjell Nesbø, Jo Kjetil Strand

Utval for plan og miljø

Bård Inge Sørfonn, Kristian Skumsnes, Rolf Atle Rolfsnes, Kristine Kleppe Dalen, Angunn Bårdsen

Utval for oppvekst og omsorg

Grete Marit Veka Maraas, Rune Helland, Astrid Koløen Prestbø, Geirmund Aga, Ole André Ertsås Westerheim

Kontrollutvalet

Björg Tislevoll, Kjell Aleksander Skogsrud, Jostein Sandvik, Gro Rydland, Frank Solli

Eldreråd

Dagfinn Lyngvær, Gunnbjørg Kristin Vik, Ole Anders Haukeland, Hilde Karin Tufteland, Grete Marit Veka Maraas

Råd for funksjonshemma

Geir Tore Søreide, Sissel Jørgensen, Sunniva Tveita, Sigrid Fangel, Astrid Koløen Prestbø

Ungdomsråd

Victoria Malene Maraas, Hanan Anwar Ahmed, Rune André Holmedal, Julian Helland, Elise de Fine Olsen, Kaleb Alemu, Johannes Tufteland, Hanna Lovise Vestbøstad, Anna Fitjar Hjelle, Daniel Marzalek



- frå 08.12.2021

Julian Helland, Elise de Fine Olsen, Kaleb Alemu, Anna Fitjar Hjelle, Daniel Marzalek, Maren Rydland, Guro Skår Bergesen, Harald Rydland Sæbø, Tord Brekke, Lisa Mjanger

Politiske utval 2021	Tal møte	Handsama saker
Kommunestyret	7	84
Formannskapet	14	97
Utval for plan og miljø	7	97
Utval for oppvekst og omsorg	6	45
Ungdomsrådet	7	57
Eldrerådet	5	42
Råd for funksjonshemma	3	17

Vedtaksoppfølging	Ferdig	Under behandling
Kommunestyret	56	10
Formannskapet	55	12
Utval for plan og miljø	31	12
Utval for oppvekst og omsorg	23	1

POLITISK OG ADMINISTRATIV ORGANISERING



Organisasjonskart

ETIKK

Vedtekne verdiar og etiske retningslinjer dannar grunnlaget for dei vala som vert gjort av både folkevalde og tilsette, i møte med etiske utfordringar i arbeidssituasjonar. Det er dei faktiske handlingane til hos både tilsette og folkevalde som dannar grunnlaget for kommunen sitt omdømme hos både innbyggjarar, naboar og institusjonar.

I Fitjar kommune vert dei etiske retningslinjene revidert og stadfesta i starten på kvar kommunestyreperiode. Dette gir forankring på høgaste nivå – og stiller eit klart krav til både folkevalde og tilsette. Dei etiske retningslinjene skal være av overordna karakter, og er ikkje detaljerte regler. Dei er meint å være generelle rettesnorar som igjen krev refleksjon av den enkelte tilsette.

Stadfestinga set og etikk på agendaen, både for folkevalde og tilsette. I det daglege ligg dei etiske retningslinjene tilgjengelege for både grupper i kommunen sitt kvalitetssystem Compilo. Ved nytilsettingar får den enkelte opplæring i dette systemet, og vert gjort kjent med reglane og retningslinjene i kvalitetssystemet.

Eigarskap og verv som folkevalde og tilsette i kommunen blir automatisk registrert i KS Styrevervregister. Registeret er offentleg tilgjengeleg, noko som både gir transparens og forenkler kontroll av at dei etiske reglane om interessekonfliktar vert halde. Ved både administrativ og politisk handsaming er det fokus på habilitet – utan at ein førebels har funne det naudsynt å utarbeide særskilte retningslinjer for dette.

Fitjar kommune deltar i Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum, som i 2017 starta arbeidet med å revidere både anskaffingsstrategien og -reglementet. Desse skal sikre at kommunen utviser samfunnsansvar i sine anskaffingar, opptre med avklarte roller, og stiller etiske krav til leverandørar for å hindre sosial dumping.

For å sikre etterleving av lovverk har kommunen etablert system og retningslinjer for avviksrapportering i kvalitetssystemet Compilo. Dette inneheld ein eigen del for varsling av alvorlege forhold. Dette gjer den tilsette anledning til å rapportere om kritikkverdige forhold etter AML § 2-A1

Avvikssystemet gjer automatisk verneombod innsyn, samstundes som den valde leiar får melding. Ved bruk av varslings-tenesta vert assisterande rådmann varsla. I begge tilfelle vil saker kunne ende opp til handsaming i Arbeidsmiljøutvalet.

KOMMUNEDIREKTØREN SI INNLEIING

Ansvar	Forbruk	Budsjett	Avvik
Helse og omsorg	103 896	106 447	2 551
Oppvekst og kultur	88 786	87 370	-1 416
Plan, utvikling og teknisk	28 718	25 027	-3 692
Politisk leing	3 323	4 190	867
Administrasjon	14 405	12 800	-1 605
Økonomisk forvaltning	-240 827	-232 165	8 663
Sum	-1 699	3 669	5 368

Økonomisk resultat

Året 2021 har vore enda eit år der pandemi og smittevern har prega vore liv og stilt ekstraordinære krav til kommunal tenesteyting. Takka vere fleksibilitet og god innsats frå dei tilsette har kommunale tenester i hovudsak blitt levert som planlagt. Det økonomiske resultatet for fjoråret er også betre enn frykta. Fitjar kommune har i 2021 fått eit netto driftsresultat på 1,7 mill. Dette er 5,4 mill. betre enn det revidert budsjett var gjort opp med. I prosent er dette ca. 0,72% og altså noko svakare enn det burde vore, men likevel betre enn frykta. Årsaka til overskotet er i hovudsak:

- Rammetilskot frå staten blei 2,1 mill. betre enn det som låg i revidert budsjett.
- Inntekts- og formuesskatt blei 7,2 mill. betre enn det som var lagt til grunn.

Når det gjeld driftskostnadene for 2021 så blei dei totalt 3,5 mill. høgare enn det som var budsjettert. Medan politisk leing hadde eit overskot på 0,9 mill. og helse- og omsorg kom 2,5 mill. betre ut enn budsjett hadde følgjande einingar eit høgare forbruk enn budsjett:

- Plan, utvikling og teknisk: -3,7 mill.
- Oppvekst og kultur: -1,4 mill.
- Administrasjon: -1,6 mill.

Grunnen til dette meirforbruket er samansett og er forklart under dei ulike einingane. Pandemien har også påført kommunen ekstra kostnader, men det meste av dette er blitt kompensert frå staten. Fitjar kommune har lagt vekt på å halda kvardagen i tenestene så vanleg som mogeleg over tid, noko som har halde dei ekstra pandemikostnadane moderate.

Det vert uansett viktig å halde fokus på økonomistyring i tida som kjem samstundes som ein legg til rette for at auka inntekter frå mellom anna eigedomsskatt på næring kjem inn som forventa.

Nye utfordringar som mottak av flyktningar vil auke kravet til streng prioritering og omstilling i åra som kjem.

Om organisasjonen

Talet på årsverk i organisasjonen er ytterlegare redusert frå 2020 til 2021, med om lag 6 årsverk.

2021 Årsverk	Tal på tilsette	Tal på årsverk
Fast tilsette	275	212
Vikarar/midlertidig med stillingsbrøk	47	25
	322	237

Kvalitet og koronapandemi

Kvalitet i kommunale tenester viser seg gjennom resultat og oppleving av tenestene for brukarane, fagkompetansen som våre tilsette har og deling av kunnskap mellom medarbeidarar uansett sektor. 2021 har vore prega av koronapandemien. Dette har prega alle våre tenester.

Kvaliteten i tenestene har vist seg gjennom høg fagleg kompetanse i forbyggjande smittevern, reinhald og kompetent og rask handtering av smitte tidleg i pandemien. Stor evne til omstilling særleg ved bruk av digitale løysingar og fjernundervisning i skulane, Teams i administrasjonen, og digital avstandsoppfølging av pasientar frå legane. Vår samla digitale kompetanse har auka vesentleg. Tverrfagleg planlegging er utvikla ytterlegare gjennom Covid19 plan for Fitjar kommune. Kriseleinga som var leia av rådmannen var operativ i periodar med høgt lokalt eller regionalt smittetrykk. Informasjon ut til innbyggjarane og media har vore særskilt viktig. Informasjonsarbeidet har vore leia av ordføraren.

Og samstundes med krise skal innbyggjarar og brukarar ha sine grunnleggjande velferdstenester. Og det har dei fått også i 2021, om enn på nye måtar i periodar. Mange i alle aldersgrupper saknar sine sosiale fellesskap.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i organisasjonen samla var på 7,7 % . Dette er ein reduksjon på 1,2 prosentpoeng i høve 2020, og diverre ein del høgare enn målet på under 6 %. Berre dei to minste einingane, plan og teknisk drift og administrasjon og politisk leiing er under 6 %.

Årsaka er samansett – kommunen har over tid hatt eit høgt sjukefråvær, samstundes som koronapandemien har ført til både lokale smitteutbrot og karantene, og lågare terskel for å halda seg heime. Auka arbeidsbelastning er og ein forklaringsfaktor, ein ser at den lang varande pandemisituasjonen gjer slitasje på personellet. Langtidsfråvær har auka i nokre einingar uavhengig av pandemien, og me ser mindre av anna sjukdomsfråvær under pandemien.

Likestilling

Fitjar kommune har om lag 82 % kvinner og 18 % menn som tilsette. Me har 23 kvinner og 11 menn i leiande stillingar, frå rådmannen til avdelingsleiarar (2021). 135 tilsette jobbar fulltid og 187 tilsette jobbar deltid, talet inkluderer vikarar og midlertidige tilsette. Gjennomsnittleg stillingsbrøk for deltidsstillingar er 54,5 %, (55 % i 2020). Dette talet inkluderer 12 brannmenn sine stillingsbrøkar som er 1,2 %.

Om påverknad på ytre miljø

Fitjar kommune har ikkje vesentleg aktivitet som påverkar det ytre miljøet på negativ måte, med unntak av tenestebilar med fossilt brensel som er under utskifting, ein del innkjøp og investeringar.

ØKONOMI OG DRIFTSRESULTAT

Generelt

Rekneskapen 2021 viser eit overskot på 1,7 mill. som er 5,4 mill. betre enn budsjettert. Det er to hovudårsakar til dette. For det første vart skatteinngangen vesentleg betre enn budsjettert, ca. 7 mill., samstundes som skatteinngangen på landsbasis vart tilsvarende høgare. Inntektsutjamninga vart difor på budsjettert nivå. I tillegg har kommunen får noko meir kompensasjon for koronapandemien, enn ein såg føre seg i juni.


I det store biletet kan ein seia at kommunen fekk dekkja sine direkte utgifter til pandemien.

Skatteinngangen vart 87,2 % av landsgjennomsnittet. Dette er ein liten nedgang frå året før då Fitjar hadde 87,7 %. Kommunen fylgjer gjennom inntektsutjamninga i rammetilskotet, den nasjonale skatteveksten, slik at 60 % (95 % under 90) av meir- eller mindreinntekter vert utjamna.

Fitjar gjennomførte ålmenn taksering med verknad frå 2021. Inntektene på eigedomsskatt auka med 2,7 mill. samstundes som satsen for bustadar og fritidsbustadar vart sett ned frå 3,2 til 2,0 promille.

Driftsresultat

Brutto driftsresultat vart 5,0 mill. mot 10,3 mill. i 2020. Særskild skatteinngangen vart høgare enn budsjettert, 7,2 mill. Sterk skatteinngang nasjonalt gjer at kommunen sine ekstraintekter ikkje vert utjamna. Netto driftsresultat, etter finanspostar, vart 1,7 mill. i 2021 mot 7,3 mill. året før. Vedteke måltal for netto driftsresultat er 1 % av driftsinntektene. Kommunen hadde 0,5 % i 2021. Dette er ned frå 2,2 % i 2020.



Unytta øyremerkte tilskot vert sett på fond, og vert teke inn att når dei vert nytta. Ein får meir- eller mindreforbruk etter avsetjingar og bruk av slike fond. Fitjar hadde eit mindreforbruk på 2,0 mill. i 2021, og i tråd med kommunestyrevedtak 78/21 er desse midlane overført til investeringsrekneskapen. I 2020 hadde Fitjar 9,1 mill. i mindreforbruk.

Måltal

Kommunestyret vedtok i november 2019 økonomiske måltal i samsvar med ny forskrift.

Indikator	Mål	Resultat
Sunnheit	> 1 %	0,5 %
Gjeldsbelastning	< 90 %	75,2 %
Renteeksponering	< 0,2 %	0,0 %
Likviditet	> 17 %	23,7 %
ROBEK	> 10 %	16,1 %

Pensjon


Både pensjonsforplikting og pensjonsmidlar er estimerte storleikar. Fjorårets beløp vert korrigert i løpet av året til faktisk beløp. Deretter vert årets tilgang lagt til, og ein får estimerte beløp ved årsslutt. Korrigeringa vert kalla estimatavvik. Dette er ikkje ei utgift og vert difor ført direkte mot kapitalkontoen.

Samla pensjonsforplikting var ved årsslutt 333 mill., der 296,5 mill. var i KLP og 35,0 mill. i SPK. Dette er ein reduksjon på 12,3 mill. siste året.

Samla pensjonsmidlar vart samstundes 335 mill., der 310,7 mill. var i KLP og 22,1 mill. i SPK. Samla midlar auke med 2,8 mill. i 2021.

Premieavviket er utgifter ein allereie har pådratt seg, men ikkje utgiftsført. Det vert avskrive (utgiftsført) over 7 år.

Premieavviket auka med 8,4 mill. samla; 8,1 mill. i KLP, og i SPK med 0,3 mill.



Samla pensjonskostnad vart 16,1 mill. etter fråtrekk av arbeidstakar sin del. Dette er 0,4 mill. mindre enn i 2020. Det var budsjettert med 16,4 mill. i 2021.


Investeringar og lånegjeld

Fitjar kommune har investert for 56,3 mill. brutto i 2021. Dette er 29,6 mill. meir enn i 2020, og 7 mill. under budsjett. Investeringane er finansiert med mva.-refusjon (5,9 mill.), tilskot (1,9 mill.), sal (21,1 mill.) bruk av lån (9,3 mill.), overføring frå driftsrekneskapan (2,0 mill.) og bruk av fond (11,6 mill.). Udekkja investeringar vart på 5,6 mill.

Det vart ikkje teke opp lån til investeringar i 2021 (22,7 mill. året før). Avdrag i drift er no komme opp i 12,5 mill. mot 11,4 mill. i 2020.

Samla lånegjeld per 31. desember var 247 mill. som er ein reduksjon på 12,6 mill. siste året.

Deler av renteporteføljen er sikra anten med fast rente eller med rentebytteavtalar (SWOP). Rentebytteavtalar har same verknad som eit fastrentelån og gav negativ margin samanlikna med flytande rente også i 2021. Samansetninga av renteutgifter, fastrenteavtalar og renteinntekter er slik at kommunen er lite utsett for rentesvingingar.



Finans

Likviditeten har vore god gjennom heile 2020. Dette skuldast oppbygging av ubundne fond dei seinare åra, både disposisjonsfond og ubunde investeringsfond. Oppfølging av vedtaka om ikkje å ta opp nytt lån til investeringar, og kjøp av aksjar i Haugaland Kraft, reduserte likviditeten ved årsskiftet. Midlane vert nytta som driftslikviditet. Innlånsrenta vår er basert på flytande rente i pengemarknaden (NIBOR) med ein margin til kredittinstitusjonane. Det generelle rentenivået (NIBOR) var svært lågt i 2021.

Gjennomsnittleg nivå på 3. månaders NIBOR var 0,47 % i 2021. Budsjettert NIBOR var 0,30 %, og budsjettert gjennomsnittsmargin var 0,60.

Kommunen har også inntektselement knytt til rente. Statlege kompensasjonar som fylgjer rentenivået (kompensasjonstilskotet) dekker 24,0 mill., utlån utgjorde 15,5 mill. og VA-lån som blir dekkja over sjølvkostordninga 40,6 mill., pr. 01.01. Desse utgjorde samla 80,1 mill.

VA-renta fylgjer 5-års SWAP-rente med tillegg av 0,5 %, og hadde eit gjennomsnitt på 1,96 % (1,39 % i 2020). Snittrenta på startlån i Husbanken var 0,79 % i 2021, mot 1,55 % i 2020. Kompensasjonstilskotet er basert på særlege føresetnader, og utgjorde 0,29 % i 2021, som ligg vesentleg lågare enn betalt lånerente.

ETAT FOR HELSE OG OMSORG

Økonomisk resultat

Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik
Helse og sosial	15 090	16 681	1 591
Institusjon	27 622	26 645	-977
Heimetenester	21 156	21 869	713
Habilitering	26 405	26 323	-82
Helsespesialistar	8 492	8 206	-286
NAV	5 131	6 723	1 593
Sum	103 896	106 447	2 551

Etaten helse, sosial og omsorg har i 2021 eit budsjett med eit mindreforbruk på 2,5 mill. Det er variasjonar i einingar der nokre har mindreforbruk og andre har meirforbruk, resultatet er påverka av fleire tilhøve:

- Leiarane har hatt god styring, vore tett på drifta med fokus på resultat/budsjett.
- Det har vore minimum av vikarinnleige ved sjukdom.
- Einingane har vore styrka av prosjektmidlar.
- Innslagspunktet på ordninga ressurskrevjande tenester er auka, og gjev eit samla meirforbruk på omlag 0,24 mill.
- Helsespesialistane har eit meirforbruk på om lag 0,28 mill. Dette skyldast i hovudsak auka rekning på gjesteinnbyggjarar og annonseutgifter til fastlege.
- Institusjon har eit meirforbruk på om lag 1 mill. Dette skyldast bortfall av ressurskrevjande brukar og situasjon med bemanningstilpassingar.
- Koronautgifter i helse og omsorg ligg på om lag 2,52 mill. Dette inkluderer koronasentralen som har hatt ein kostnad på om lag 1 mill., og om lag 0,7 mill. i ekstra lønskostnader i tenestene grunna koronapandemi. I tillegg har etaten nytta om lag 0,5 mill. i lønsutgifter til vaksinasjonsarbeid.
- Nav har eit mindreforbruk på om lag 1,59 mill., dette skyldast i hovudsak mindre sosialutbetalingar.

Felles:

Samla sett har helse, sosial og omsorg 109 årsverk, fordelt på 178 personar. Av disse har 38 tilsette heiltidsstillingar og 140

tilsette arbeidar i deltidstillingar. Mange av deltidstillingane er knytte til helg. I tillegg har ein omlag 3 årsverk som er knytte opp mot prosjektstillingar på NAV og psykisk helse og pleie og omsorg.

Hausten 2021 starta 19 leiarar i etaten helse- og omsorg på ei felles leiarutdanning. Målsetjinga med utdanninga er å styrkje leiarane sin kompetanse og samkøyre organisasjon etter samanslåing i 2020, med fokus på gode pasientforløp og kompetansomobilisering på tvers av avdelingar.

Etaten har i tillegg søkt og fått innvilga statlege prosjektmidlar til ulike føremål på om lag 3 mill. Arbeidet med prosjektmidlar krev mykje oppfølging til forarbeid med mål og tiltak, og etterarbeid med rapportering og evaluering. Prosjekta bidreg til kapasitet og fornying i tenestene til brukarane, då spesielt i rusomsorg og tiltak til aktivitet for ungdom.

Pandemi:

2021 har som 2020 vore prega av pandemi. Einingane har til ei kvar tid hatt fokus på brukarane og hatt ei god kontinuitetsplanlegging, med det driftsnivået og tiltaka som dei statlege, regionale eller lokale føringane tilsa. Dei tilsette har hatt ein krevjande arbeidssituasjon i den pågåande pandemien, men har vist ein god innsats, vore fleksible og løysingsorienterte for å yte god pleie og omsorg til brukarane og deira pårørande. Smitteavdelinga på seks senger på FBB som vart etablert i 2020 vart i 2021 endra til ei dedikert leilegheit.

Det har gjennom året vore gjennomført eit stort arbeid kring vaksinasjon. Frå etaten har helserådgevar vore med å koordinere vaksinasjonsarbeidet i om lag ei 40 % stilling, i tillegg har fleire sjukepleiarar i einingane vore med i dette arbeidet. Stord og Fitjar har og i 2021 hatt samarbeid kring koronasenteret. Koronasenteret har vore brukt som er ei særskilt legevakt for personar som har symptom på luftvegsinfeksjon. I tillegg har det vort gjennomført testing, smittesporing og rettleiing til covid-smitta personar.

Miljøretta helsevern

I 2019 vart det etter oppdrag frå Statens helsetilsyn gjennomført eit landsomfattande tilsyn med korleis kommunane føl opp tilsyn med miljøretta helsevern i barnehagar og skular (grunnskular og vidaregåande skular).

Tilsynet avdekka at Fitjar kommune sine rutinar ikkje i tilstrekkeleg grad la til rette for uavhengig, risikobasert tilsyn med skular

og barnehagar på grunnlag av ei konkret og oppdatert risikovurdering.

For å lukke tilsynet utarbeida kommuneoverlegen ein plan for gjennomføring av miljøretta helsevern, basert på risikovurderingar. Planen byggjer på IS 2288; «*Veileder for kommunens tilsyn med miljørettet helsevern*». Statsforvaltar har med bakgrunn i planen avslutta tilsynet.

Måloppnåing

Mål 2021	Delmål 2021	Resultat 2021
NAV		
Tidleg tverrfagleg innsats vil få fleire i arbeid og færre på trygd, og betra levekåra til sårbare familiar, barn og unge.	Tal på sosialhjelps-mottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarane, skal vera <3,0 %	I dag har ein 78 brukarar som har fått sosialhjelp, dette er ein nedgang 16 frå 2020
	Gjennomsnittleg stønadslengde mottakarar 18-24 år, skal vera < 5 personar.	NAV har ved hjelp av prosjektstillingar etablert tilbod for ungdommar utanfor arbeidslivet «Laget». Ein ser at mange av desse har komme vidare i ulik aktivitet, arbeid, skule, avklara mot andre stønader. Ein har fått ei statleg finansiert stilling «ungdomskoordinator» i 2021. Stillinga arbeidar inn mot ungdom som står i fare til å falle ut av skule/arbeidsliv. Ein har vidareført mange av tiltaka som låg i NAV i vidaregåande.
	Sosialhjelpsmottakarar med stønad i 6 månader eller meir, skal vera < 25	2021 er talet 10 personar
Pleie – og omsorg		
Fitjar kommune har kompetente og myndiggjorte medarbeidarar som når måla for tenestene.	Tal på årsverk i brukarretta tenester: Psykiatriske sjukepleiarar per 10 000 innbyggjar, skal vera > 10 Vidareutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggjar, skal vera >12,5	Fitjar kommune har i KOSTRA 12,8 Fitjar kommunehar i KOSTRA 12,9
	Kompetansemobilisering på tvers av avdelingar og fag for å yta tenester der det trengst for brukarane.	Det er lagt til rette gjennom omstillingsarbeid, stillingsomtalar og kompetanseplan. Med omsyn til pandemihandtering har det vore naudsynt å redusere kontaktpersonar i tenesta.
Digitalisering skal bidra til at kommunen tilpassar tenestene meir til innbyggjarane sine behov, med meir effektive og nyskapande tenester.	Bruk av omsorgs-teknologi skal bidra til trygge og tilpassa tenester. Innbyggjarar med ulike hjelpebehov kan bu i eigen heim	Gått over til digitale tryggleiksalarmar, tatt i bruk døralarm, GPS, utviding av mobilomsorg. Plan for digitalisering i pleie- og omsorg vart vedteke i utval for oppvekst og omsorg i sak PS 20/2021
Ny dimensjonering av dei øvste trinna i omsorgstrappa: Omsorgsbustad – døgnbemanna omsorgsbustad – institusjon	Reduserte kostnader i helse- og omsorgstenestene.	Auka plassar på dagtilbod for demente i 2020 til 4 plasser. Det vart tilsett ein ergoterapeut i 50 % stilling i 2021.
Auka innsats på førebygging, eigenmestring og aktivitet motverkar passivitet og einsemd.		Ulike tilbod i samarbeid med Fitjar vidaregåande skule, frivilligsentralen og institusjonskjøkenet. "Aktive saman", "Matglede" og "Gotrimmen" trimtilbod for heimebuande.
Bidra til at innbyggjarane i kommunen har mindre behov for helse- og omsorgstenester		Syner til punkta ovanfor.
Sjukefråværet skal vera under 6 %		Sjukefråværet for 2021 ligg på same nivå som 2020 på 9,6 %. Målet er ikkje nådd.

Arbeidsmiljø – HMT

Fitjar kommune har gode rutinar for HMT arbeid i helse, sosial og omsorgssektoren. Der ein ser at det er mange avvik kring uønskt hendingar, utarbeidar ein tiltak for å førebyggje nye hendingar. Etaten er flink til å melde avvik i Compilo, som og vert handtert på einingane. Det vert årleg gjennomført Risiko og sårbarheits analyse i einingane gjennom vernerunden. Einingsleiarane har medarbeidarsamtalar med tilsette og det er rutinar for å få gjennomført personalmøte. Det har og gjennom 2021 vore mindre møter og kurs på grunn pandemien.

Sjukefråvær

I 2021 ligg samla sjukefråvær på 9,6 % i etaten, det er same nivå som i 2020. Utdringa til høgt sjukefråvær er samansett; pandemi har spelt ei stor rolle gjennom året, saman med fleire langtidssjukemelde. Langvarig slitasje på personell, test-regime, og karanteneroglar for både tilsette og foreldre gjer truleg stort utslag. Etaten har som mål å arbeide aktivt med å få nærværprosenten opp.

Kompetanse og kompetanseheving

Etaten har tilsette som har variert og god kompetanse. Gjennom kompetanseløftet 2025, har kommunen fått midlar som ein har nytta til delfinansiering av:

- 3 tilsette har fullført fagskule-utdanning innan psykisk helsearbeid/rus
- 1 tilsette er ferdig våren 2022 med vidareutdanning innan rus.
- 1 tilsett har hausten 2021 starta på master i avansert klinisk allmennsjukepleie.
- 1 tilsett har starta hausten 2021 på vidareutdanning innan palliativ sjukepleie.
- 19 tilsette i etaten helse og omsorg har starta på leiarutdanning.

I 2021 har pleie og omsorg hatt 3 helsefag-lærningar, samt ei som er i fødselspermisjon, der 2 har teke fagbrev, og to nye lærling starta hausten 2021.

Digitalisering

Auka bruk av teknologi i omsorgstenesta opnar for nye moglegheiter i utforming av tenestetilbodet. Ein har ei arbeidsgruppe som arbeidar med korleis Fitjar kommune kan nyttiggjere seg av e-helsedirektoratet

sine tilrådingar av teknologi som er klar for bruk. Arbeidsgruppa har i 2021 utarbeida ein plan for implementering av omsorgsteknologi i pleie og omsorgstenestene, planen vart godkjent i utval for oppvekst og omsorg i april.

I heimebaserte tenester har ein bytta ut dei fleste tryggleiksalarmane frå analoge til digitale. Hjøå einskilde brukarar har ein tatt i bruk rørslesensor, GPS, fallalarm og ein har hatt som mål å prøve ut elektronisk medisindispenserar, utan at det har vore gjennomført 2021. Det er og tatt i bruk valdsalarm med GPS-spring, for tilsette som arbeidar med utfordrande brukarar.

Lifecare Mobil Pleie (LMP) LMP er i 2021 utvida frå heimesjukepleien, til og å nyttast inne på Havnauset og på Gartneritnet. Mobil pleie gjev til ei kvar tid tilgang til oppdatert informasjon frå journalsystemet, og legg til rette for effektiv kommunikasjon mellom dei tilsette i omsorgstenesta. Bruk av mobil pleie har gitt tenestene i pleie og omsorg ein betre og meir fullstendig journalføring, god oversikt over kven som skal ha tilsyn på aktuell dag, tidspunkt for besøket, kva som skal utførast under tilsynet, og kva tilsyn som er utført. Teknologien har ført til at tiltaksplanane til tenestemottakarane alltid er oppdaterte, og dermed gjev eit korrekte vedtak om tenester.

På Fitjar Bu og Behandlingscenter har me eit moderne velferdsteknologisk plattform og eit lokalt pasientvarslings-system der tilsette og bebuarar vert posisjonerte ved hjelp av tilsett-/bebuarsmykke. Posisjonering gjev både passiv og aktiv varsling ved ulike hendingar. «Det mobile vaktrommet» gjev effektiv alarmvisning og -handtering på mobiltelefonar, og vaktromstavla gjev tryggleik dersom nettverk/straum fell ut.


Ved NAV har ein sidan 2020 brukt dataverktøyet «DigiSos», som tyder digitale innbyggjartenester – sosiale tenester i NAV. DigiSos har gjeve nye moglegheiter for digital dialog med brukarane gjennom heile døgeret, der 90 % av brukarane no søker om sosialhjelp digitalt. Sakshandsamarane har fått meir frigjort tid til å følgje opp brukarane.

Barnevern

Stord er vertskommune for Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste Bømlo, Fitjar og Stord (SIB).

Tenesta hadde god måloppnåing i høve lovkrav i 2021, m.a. dokumentert gjennom rapport frå tilsyn frå Statsforvaltaren. I 2020 tok barnevernstenesta i mot 65 bekymringsmeldingar, medan det i 2021 kom inn 29 meldingar. Dette er ein reduksjon på ca. 55 prosent. Med relativt små aktivitetstal vil det gjerne vera store svingingar i tala frå det eine året til det neste

Kostnadsbiletet viser at tenesta med omsyn til netto driftsutgifter har vesentleg lågare kostnad enn samanliknbare kommunar og om lag 9,4 % under snittet for landet.



Interkommunal legevakt og interkommunale døgnseger

Fitjar kommune samarbeider med Bømlo og Stord om ei felles legevakt som er tilknytt Sunnhordland Interkommunale legevakt IKS. Under same eining ligg døgnavdelinga, der Fitjar kommune disponerer ei ½ døgnseger av dei 4 kommunale akutte døgnsegerne og ca. ½ døgnseger 5 observasjons-seger. Selskapet hadde eit positivt rekneskap i 2021 på om lag 2,3 mill.

Pleie og omsorg

Det vert stadig lagt eit større ansvar på kommunane til å ta imot utskrivingsklare pasientar, samtidig som sjukdomsbiletet til pasientane er meir komplekse og samansette. Dette medfører at ein må ta imot pasientar med store medisinske og medisinske- tekniske utfordringar. Dette set store krav til omfattande og krevjande pleiebehov, også i heimane.

I 2021 har kommunen betalt for sju overliggjardøger for utskrivingsklare pasientar innan somatisk helse, ein har ikkje betalt for utskrivingsklare pasientar i frå psykiatrien.

I pleie og omsorg har ein i 2021 erfart at det har vore svært utfordrande å få tak i nok vikarar med fagkompetanse til å arbeide helg og ved ferieavvikling.

Heimetenesta

Totalt pr. 31.12. har tenesta omlag 55 brukarar fordelt på, heimehjelp/praktisk bistand: 51 brukarar, levering av mat frå kjøkkenet v/FBB: 30 brukarar og tryggleiksalarmar: 55 brukarar. Der nokre av brukarane mottok fleire tenester.

På Havnauset (omsorgsbustadar) er bebuarane eldre og hjelpebehovet er såleis aukande, og ein observerer at det er tyngre pleie gjennom heile døgeret. «Pleietyngda» er utfordrande då bygningsmassen ikkje er laga for denne type brukargruppe, det er til dømes små og tronge bad som gjer det vanskeleg å bruke hjelpemidlar, og sikra HMS ovafor tilsette.

Dagtilbodet for demente, er eit tilbod til demente som bur heime. Tilbodet legg til rette for aktivitetar inne, ute, turar og tilstellingar. I periodar i 2021 har tilbodet i periodar vore stengt, då har ein gitt eit alternativt tilbod i heimen.

Institusjon FBB

Langtids- og korttidsplassar i institusjon omfattar medisinsk behandling og eller oppfølging, pleie- og omsorgstenester knytt til somatiske lidningar, generell geriatri, demens, og pleie i terminal livsfase.

Pasientgruppa som får tildelt plass på sjukeheimen er endra; pasientane er sjukare, det vert forventa at kommunen overtek pasientar frå spesialisthelsetenesta på eit tidlegare tidspunkt og ferdigbehandlar dei i kommunen.

I budsjettet for 2021 vart det lagt til rette for at det skal vera 22 institusjonsplassar, med ein leilegheit til fast bruk, i tillegg til ei ½ observasjonsseger ved IDA ved Sunnhordland Interkommunale Legevakt. I løpet av året vart det endringar i brukarbehov som kravde reduksjon av bemanninga, men det har ikkje vore

mogeleg å trekkja ut bemanning lenger enn til ein møter grunnbemanningsfaktorane for å kunne yte eit forsvarleg tilbod til pasientane.

FBB har eige institusjonskjøken. Maten har god kvalitet, er fint laga til og er både smakfull og næringsrik. Næringsrik mat er ein viktig nøkkel i god eldreomsorg. Måltida er som alt anna bistand retta inn mot individuelle tenester, der maten vert tilpassa ulike behov hjå brukarane. Kjøkkenet vart i 2019 med i prosjektet "Aktive saman" med tiltaket "matglede".

Habilitering

Eining for habilitering ytt tenester til personar som har omfattande og samansette behov, her under kjem og tenester til ressurskrevjande brukarar, dagtilbod i Bakken og VTA arbeidsplassar på Podlen Verkstad AS. Tenesta har eit stor fokus på "Målretta miljøarbeid" med endringsfokus og tilnærming til i høve opplæring, meistring og åtferd.

Eininga ytt i hovudsak tenester til personar med utviklingshemming. Det er stor variasjon i hjelpebehov og bemanningstettleik. Eininga har tenestemottakarar med høg bemanningsfaktor, der fleire har 1:1 bemanning, med ytlegare behov for støtte i periodar med utfordrande åtferd. Tenesta har eit tett og godt samarbeid med Habiliteringstenesta for vaksne funksjonshemma (spesialist-helsetenesta), der ein får råd, rettleiing og oppfølging kring einskild brukarar.

I slutten av 2020 vart det endringar i brukarbehov, og tenesta har jobba med bemanningstilpassing i løpet av 2021. Bemanningsendringa har førte til at ein har tatt ned 9,5 årsverk, noko som har påverka til at tenesta er meir sårbar ved fråvær og ferieavvikling.

Dagtilbodet i Bakken er omgitt av eit flott turterreng. I 2021 nytta ni tenestemottakarar tilbodet. Tilbodet skal bidra til ein meningsfull kvardag som legg vekt på meistring. Aktivitetane ein legg til rette for her er vedhogst for sal, matlaging, snikkarverkstad inne, ulike hobbyaktivitetar, trim o.l. På grunn av pandemien har arbeidstilbod som Podlen verkstad og Bakken dagtilbod vorte stengt i periodar

som eit av fleire nasjonale smitteverntiltak. Ein har derfor måtta gje tenestemottakarane eit alternativ tilbod på dagtid.

Legesenteret

Fitjar legesenter har lagt om drifta til at det no er tre kommunalt tilsette legar, der to legar har kvar sin tilsynsfunksjon, ein på sjukeheimen, ein på helsestasjonen. Den tredje legen har funksjon som kommuneoverlege og smittevernlege i om lag 20 % stilling. Frå 01.09. fekk legekantoret tildelt ein LIS-1 lege.


To av dei faste legane med næringsdrift avslutta sitt arbeidsforhold med Fitjar kommune våren 2021. Det var ein krevjande og utfordrande jobb å få på plass nye legar, og stabilitet i vikarar for legane. Hausten 2021 lukkast ein med å rekruttere to fastlegar til Fitjar legesenter.

Etter kort tid sa fastlegen med kommuneoverlege funksjon opp si stilling, frå og med 01.01.22. Administrasjonen starta straks arbeidet med ny rekruttering, eit arbeid som framleis er i gang.

Psykiatrisk heimesjukepleie

Innhald i tenesta omhandlar psykiatrisk heimesjukepleie, individuelle samtalar og oppfølging av personar med psykiske helseproblem. Tenesta legg stor vekt på tverrfagleg samarbeid og rettleiing av kollegaer. Pr 31.12. har tenesta 53 aktive brukarar i aldersgruppa mellom 18 år og 87 år. I 2021 fekk tenesta 25 nye søknadar. I tillegg til dei aktive brukarane, føl tenesta opp elevar frå ungdomskulen og vidaregåande skule, samt at ein hjelper til ved behov med LAR-utdeling.

Ein fekk i 2020 tilskotsmidlar "vaksne med samansette utfordringar", dette har styrka tenesta. Tenesta er viktig i det førebyggjande arbeidet, og ein opplever auka etterspurnad. Det er nasjonale forventningar til at kommunen skal kunne tilby hjelp til personar med psykiske vanskar i eigen kommune før dei vert vist vidare til spesialisthelsetenesta.



hadde sosialhjelp som hovudtying, dette er ein nedgang på 3 personar frå 2020.

I 2019 sette NAV kontoret inn tiltak for å få fleire i aktivitet med mål om nedgang i sosialutbetalingar. Det vart då sett inn tiltak mot enkelt brukarar med tett individuell oppfølging. Tiltaka vart sett i samanheng med «Laget» og «NAV i vidaregåande».

Resultatet har synt at ein har fått fleire i arbeid, aktivitet eller på rett trygdeordning. I tillegg til å støtte opp mot meistring på det individuelle plan, har ein redusert sosialutbetalingane med om lag 1 mill. i 2020 og ytleger 1 mill. i 2021 samanlikna med 2019.

Det som har ført til at ein har lukkast med tiltaket er at ein har hatt ei brei tverrfagleg tilnærming, har vore tett på brukarar. Tiltaka ein har sett i verk i form av «Laget» og «NAV i vidaregåande/ og no ungdomskoordinator» har vore viktige arena for at dette arbeidet har vore vellykka.

«Laget» er eit tiltak for å få unge under 30 år i aktivitet. Kommunen har erfarte at tiltaket har gjeve positiv effekt. Det å ha ein aktivitet å gå til, gjev mening med å stå opp og såleis få ein normal døgnrytme. Aktivitetane ein har gjennomført gjev meistring, dei som deltek i teamet støttar og rettleiar kvarandre, som igjen skapar positive sosiale relasjonar. Samla sett ser ein tiltaket er førebyggjande både i forhold til barnefattigdom, psykisk sjukdom og rus. Tiltaket har synt å vera effektivt, gjennom at ein har fått fleire personar i arbeid. Dette er eit av dei verknadsfulle tiltaka som har ført til at kommunen har klart å stabilisere budsjettet til sosialhjelp.

Ruskonsulent og miljøterapeut føl opp personar med ein rusavhengigheit- og/ eller psykiatrisk diagnose, eller som står i faresona for å utvikla eit rusproblem. Det er utfordrande med å tilby tilrettelagte bustadar til personar som har ein rushistorie, og dei fleste har ei dårleg helse og har eit behov for tettare oppfølging enn kva dei får.

Fysio- og ergoterapeuttenesta

Eininga skal yte fagleg forsvarleg fysioterapi der det er behov, og er ein viktig del av eit rehabiliteringsforløp. Fysioterapi må kome i gong så tidleg som mogeleg for å betre/opporetthalde brukaren sin funksjon og førebyggja forverring etter sjukdom/skade. I tillegg vert det søkt om hjelpemidlar og lagt til rette i heimen.

Målsetjinga med tenesta er å leggja til rette for at brukarar kan leva eit mest mogleg sjølvstendig liv ut frå eigne føresetnadar lengst mogleg i eigen heim. Eininga er ein viktig bidragsytar i det førebyggjande arbeidet og dimensjonering av dei kommunale tenestene. Eininga yt tenester til brukarar i alle aldrar i barnehage, skule, heimen og institusjon. Tilsette samarbeider tverrfagleg internt i kommunen og med spesialisthelsetenesta.

Tenesta har på lik linje med heimetenesta erfart at det vert stadig meir krevjande oppfølging kring alvorleg sjukdom til heimebuande brukarar som utløyser store hjelpebehov.

NAV

Hovudvekta ligg på økonomisk stønad, kvalifiseringsprogrammet, råd og rettleiing og særskilte tiltak for rusmiddel-avhengige.

I 2021 hadde me 553 vedtak om økonomisk sosialhjelp, dette er ein nedgang på 68 vedtak frå året før. Det var registrert 78 brukarar i sosialhjelpssystemet (Sosio), som også er ein nedgang på 16 brukarar frå året før.

Gjennomsnittleg stønadslengde i 2021 er ein månad. I 2021 hadde NAV 10 personar som hadde fått samanhengande hjelp i 6 månader eller meir. Det var 4 personar som

ETAT FOR OPPVEKST OG KULTUR

Økonomisk resultat


Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik
Skule- og oppvekstadm.	30 162	29 809	-353
Rimbareid skule	37 666	37 345	-322
Øvrebygda skule	6 622	6 239	-383
Selevik skule	4 730	4 659	-71
Fitjarstølane barnehage	6 837	6 787	-50
Kultur	2 770	2 532	-238
Sum	88 786	87 370	-1 416

Skule og oppvekst kjem ut med eit meirforbruk på om lag 1,4 mill. Det har vore eit meirforbruk i tilskot til private barnehagar på om lag 660 000,-. Årsaka er at det har kome inn fleire barn i løpet av hausten enn det som vart kalkulert i revidert budsjett. I tillegg har budsjettposten for søskenmoderasjon vore for liten. Det har også vore eit lite meirforbruk innan helsestasjonen, styrka tilbod til barnehagebarn, kultursektoren og ved skulane. Vaksineringskostnadar har vore på 1,1 mill. (900.000,- har blitt refundert frå staten). Inntektene frå andre kommunar har vore høgare enn budsjettet. Innafor dei andre postane er det små meir-/mindreforbruk som skuldast ulike tilhøve ved drifta.

Samla sjukefråvær for etaten: 6,4 % ein nedgang frå 7,8 % i 2020.

Felles

I rådmannen sitt budsjettutkast vart det føreslått å overføra 7. trinnet ved grendaskulane til Rimbareid skule. Det låg også inne eit framlegg om å leggja ned SFO ved Øvrebygda skule og Selevik skule frå 01.03. I kommunestyret sitt budsjettvedtak vart det bestemt at 7. klasse blir verande ved Øvrebygda skule og SFO ordninga ved grendaskulane vart ikkje lagt ned. Det vart lagt inn eit ekstra årsverk ved Rimbareid skule grunna ein 1. klasse meir.



Måloppnåing

Mål 2021	Omtale	Resultat 2021
Med ei betre tilpassa opplæring, ei tydeleg konkretisering av innhaldet i st. melding 6 og lovpålagt intensiv opplæring på 1. – 4. trinn er målet å redusera behovet for spesialundervisning til 7 % i planperioden.	Spesialundervisninga har variert dei siste åra. 8,0 % i 2019 9,1 % i 2020 8,2 % i 2021. I 2022 vil den gå vidare ned til under 8, %	Utviklinga varierer frå år til år, men vil fortsetja nedover mot måletalet.
Auka læringsutbytte. Under 10 % av elevane på det lågaste nivået, over 25 % av elevane på det høgste nivået målt på nasjonale prøvar på 5. trinn.	Har greidd målet om at under 10 % av elevane skal vera på lågast nivå i matematikk. Har nådd målet om at over 25 % av elevane skal vera på det høgste nivået i engelsk og matematikk	Målsetjinga vart dette året skjerpa frå 15% - 25 % på høgaste nivå. Gledelig framgang no to år på rad. Ligg over landssnittet i engelsk og rekning. Målet delvis nådd.
Heva verdiane for trivsel, motivasjon, meistring og medverknad i elevundersøkinga til eit snitt som ligg minimum på nasjonalt nivå. Dette som ein faktor for å betra læringsutbyte.	Verdiane på 7. trinnet ligg litt lågare enn landssnittet. Det same gjeld for 10. trinnet.	Har ikkje nådd målet
Planleggja og byrja på ei realisering av eit kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis	Kartlegginga har blitt utført hausten 2021. Me er no i startgropa for vidare kompetanseutvikling i 2022	Utført
"Fitjar for alle". Sikra sosial utjamning for barn og unge.	Fitjar kommune har vore med i ein pilot for fritidskortet. Fritidskortet+ har vore målretta inn mot låginntektsfamiliar	Utført
Førebu bygging av ny kommunal barnehage.	Mange politiske saker har blitt lagt fram for lokalisering av ny kommunal barnehage	Lokalisering på plass. Arbeidet går framover etter planen.
Gje tett og tverrfagleg oppfølging av gravide med særskilte behov. Styrkje og utvikle tverrfagleg samarbeid med barnehage og skule, både på system- og individnivå	Oppfølging av gravide gjennom jordmortenesta går fint. Utviklar samarbeidet mellom helsestasjon og barnehage/skule	Har "halta" litt mot slutten av året grunna mangel på jordmor. Utvikling av systemarbeid har vore uråd å prioritera grunna vaksinerings.
Vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester for å utvikla- og etablere nye aktivitetar for både ungdom og eldre som gjev meistring, opplevingar og sosiale fellesskap.	Samarbeidet har vore vanskeleg å vidareutvikla grunna pandemien. Aktivitetsnivået har vore begrensa.	Har vore vanskeleg å utvida samarbeidet og oppretta nye aktivitetar grunna pandemien. Ordninga med Fritidskortet har vore eit positivt innslag for auka aktivitet.
Sjukefråværet skal vera under 6 prosent	Sjukefråværet i 2021 var på 6,4 %. Ned frå 7,8 i 2020	Målet er ikkje nådd, men betre enn i 2020

Pandemi

Koronapandemien har også i 2021 prega heile etaten. Våren 2021 har skulane og barnehagane brukt trafikklysmoellen for å hindra smitte. Ein periode i mars var skulane og SFO ordningane igjen på raudt nivå før dei gjekk over til gult nivå fram til sommaren. Frå skulestart 2021 var alle skulane og barnehagane på grønt nivå. Diverre kom det ei ny bølge med Korona i desember og det vart på nytt iverksett strenge nasjonale tiltak grunna Omikronvarianten.

Nasjonale smittevernreglar vart tilpassa lokale forhold. Dette førte til mykje arbeid kring organisering og tilpassingar for barn og tilsette. Rutinar for reinhald vart justert i tråd med regelverket.

Karantenerreglar, restriksjonar i høve sjukdom, vikarutgifter og ekstra smittevernrekvisita har ført til ein ekstra kostnad innan oppvekstsektoren. Pandemien har ført til betydeleg auka digital kompetanse både hos elevar og tilsette. Dette har vore til stor hjelp for den digitale målsetjinga for oppvekstsektoren. Målet er å gje elevane grunnleggjande ferdigheiter i digital kompetanse. I tillegg vil ein ha fleire mogelegheiter for å gje elevane god tilpassa opplæring.

Ved helsestasjonen har det vore gjort ein formidabel jobb i høve vaksinerings. Dette har gått føre seg gjennom heile året. Dette har gått litt ut over anna tenesteyting. Det har vore stor grad av samarbeid med Frivilligsentralen. I tillegg har fleire pensjonistar blitt leigt inn som hjelp i vaksinasjonsarbeidet. Samla har det blitt sett 5274 vaksinedosar fordelt på dose 1, 2 og 3. Samarbeidet med dei andre hjelpepersonene har blitt styrka sjølv om året har blitt prega av pandemien.


Den tverrfaglege tenkinga rundt barn og unge som har utfordringar har blitt betre, Dette ser ein tydeleg att i bruken av stafettloggen. Det er no 23 tilgjengelege loggar. Det fører til betre samarbeid og betre mogelegheit for målretta tiltak inn mot enkeltbarn i barnehagar og skular. Samarbeidet mellom skulekontoret, barnehagane, skulane, helsestasjonen og kultursektoren vert sikra gjennom faste månadlege samarbeidsmøte.

Skulane

Barn og unge får eit godt kvalitativt skuletilbod i Fitjar kommune. Dei økonomiske rammene ein får tildelt vert nytta på ein god måte. 01.08.20 tok skulane 1.-9. trinn i bruk ny overordna del og nye fagplanar. Frå 01.08.21 vart denne også innført for 10. trinnet.

Skulane har førebudd seg ved å vera aktivt med i desentralisert kompetanse-utvikling (Dekomp). Gjennom Forum for oppvekst i Sunnhordland har regionen inngått eit samarbeid med Norsk lærarakademi som har bidrege inn med kompetanse. Kompetansehevinga har gjennom fleire år hatt fokus på inkludering og førebuing til innføring av ny overordna del og nye fagplanar. Ein har hatt særleg fokus på å få elevane til å bli meir nysgjerrige gjennom tilrettelagt, utforskande og praktisk undervisning.

Gjennom året har kommunen søkt om/fått tildelt 70 000,- til læremiddel, 100 000,- til tilrettelegging for digital heimeundervisning, 214 000,- til sårbare barn og unge, 150 000,- til programmering og 31 000,- til digitale hjelpemiddel.



Selevik skule held i 2021 fram med å vera ein SEFAL skule. Dvs. at dei styrkar læring og motivasjon gjennom ein meir aktiv skuledag. Alle tilsette fullførte denne vidareutdanninga i 2021 gjennom HVL.

Rimbareid skule held i 2021 fram med ei ny organisering av leiinga. Det er no 3 avdelingsleiarar i staden for 2 inspektørar som det har vore tidlegare. Den samla administrative ressursen har ikkje blitt auka, Dette er ei prøveordning fram til våren 2022. Målet med prøveordninga er at avdelingsleiarane skal koma tettare på

utviklingsarbeidet ved skulen for å nå dei ynskta målsetjingane.

Skulekontoret hadde ikkje dialogmøte med dei enkelte skulane grunna pandemien.

Digitaliseringa omtala ovanfor er ein viktig faktor for å auka mogelegheitene for tilpassa opplæring.

Stortingsmelding 6 tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO er med på å forsterka oppdraget om tidleg innsats. Målsetjinga er å auka kompetansen blant dei tilsette, gje barn og unge tidlegare og målretta hjelp slik at behovet for spesialundervisning vert redusert.

Hausten 2021 vart det gjort ei kartlegging av kompetansebehov i alle skulane og barnehagane i kommunen. Resultatet vert lagt til grunn for ei kompetanseutvikling for perioden 2022 - 2025. Spesialundervisninga har dette året gått ned 9,1 % til 8,2 %.

Førebyggjande arbeid

Alle skulane og nokre barnehagar har i fleire år vore med i den nasjonale satsinga "eit inkluderande barnehage og skulemiljø". Skulane held fram med å nytta Zippys venner på 1.-4. trinnet, Det er mitt val på 5.-7. trinnet og MOT på 8.-10. trinnet for å førebyggja mobbing eller krenkelsar. Det er svært gledeleg at Rimbareid skule kjem så godt ut av MOT undersøkinga. MOT coachane i Fitjar fekk høgast poengsum blant alle skulane i heile Vestland.

SLT koordinatoren har ei viktig oppgåve med å koordinera det førebyggjande arbeidet i kommunen. Gjennom faste møtepunkt i koordineringsgruppa får ein verdifull informasjon om kva som rører seg blant barn og unge. Våren 2021 vart det halde fleire møter inn mot ungdomskuleklassane grunna ei negativ utvikling i ungdomsflokken. Samarbeid med Bømlø og Stord er viktig i dette arbeidet saman med faste møter med politikontakten og politirådet. Det er i tillegg møtepunkt med konfliktrådet og nettverk i Sunnhordland og nord Rogaland.

IKT i grunnskulen

Det vart kjøpt inn 55 nye PC ar til elevar og tilsette. I tillegg har ein no prioritert å kjøpa inn nye digitale tavler. Dei gamle byrjar å bli

utdatert og vedlikehaldet er kostbart. Det vart kjøpt inn 8 nye tavler. Desse er brukarvenlege og fungerer svært godt i møtet med elevane. Samla investering var 600 000,- i 2021. Me har brukt noko meir enn dette beløpet. Delar av overskriddinga har blitt finansiert gjennom statlege søknadar.

Elevane sitt læringsutbytte

Resultata av dei nasjonale prøvane på 5. trinnet i engelsk, lesing og matematikk er samla sett mykje betre dette året. Det er stor framgang i engelsk (ligg over landsnittet), litt tilbake i høve lesing (like under landsnittet) og framgang i rekning der me ligg over landsnittet. Meir enn 25 % av alle elevane på 5. trinnet er på høgaste nivået i engelsk og rekning.

Diverre har me framleis litt for mange på det lågaste nivået i engelsk og lesing. 8. trinnet har gjort det svært bra og ligg over landsnittet både i lesing, engelsk og matematikk. På 9. trinnet ligg ein langt over landsnittet i lesing og rekning, det er ein stor framgang frå året før. Desse resultata varierer frå år til år, men det er positivt at det samla snittet viser ei betring dei siste åra.

Våren 2021 vart det ikkje avvikla skriftleg og munnleg eksamen grunna pandemien. Dette var ei nasjonal avgjerd. 100 % av elevane frå 10. trinnet vart overført frå grunnskulen til vidaregåande opplæring.

Vaksenopplæringa

Talet på personar med behov for norskopplæring har gått betydeleg ned. Det er få/ingen nye som kjem til landet grunna pandemien. Flyktingane er ferdig med introduksjonsprogrammet. Det er framleis eit opplæringsbehov inn mot grunnskuleopplæring for vaksne. Desse får no opplæringa ved Stord vaksenopplæring der Fitjar kommune kjøper desse tenestene.

Helsestasjonen

Bemanninga ved helsestasjonen har vore litt ustabil gjennom året. Ein har vore utan jordmor i 3 månadar. Store ressursar har blitt brukt til vaksinerings noko som har gått ut over det førebyggjande tilbodet og ulike oppfølgingsbehov ute i skular og barnehagar. Kommunen har nytta prosjektmidlar til å styrka jordmor og helsesjukepleiar ressursen. Nytt i 2021 var

at ein fekk midlar for tre år (2021 – 2023) Dette sikrar ein betre stabilitet i tiltaka. Barn og unge har fått eit så godt tilbod som det har lete seg gjera ut frå bemannings-situasjonen og prioriteringar. Drifta ved helsestasjonen har vore svært utfordrande grunna eit enormt behov for vaksiner. Ein har sett over 5 200 vaksinedosar gjennom året (dose 1, 2 og 3).

Ein har følgd nasjonale retningslinjer i høve pandemi og vaksiner. Tilsette har nytta digitale løysingar både via teams og videoverktøy. Barn og unge har hatt mogelegheit til å ta kontakt og tilsette har vore fleksible med tanke på møtepunkt. Via nettsider har det blitt informert om kva tilbod helsestasjonen kan gje. Leiande helsesjukepleiar har vore med i ungdomsrådet for å informera om tenestene som helsestasjonen gir. Helsestasjonen har prioritert å vera tilgjengeleg ute på skulane. Pågangen har vore større enn vanleg m.a. grunna problematikk som har vorte forsterka under pandemien slik som einsemd, isolasjon, frykt for smitte etc.

Kulturavdelinga

Pandemien og delvis nedstenginga av Noreg i periodar har ført til store utfordringar for kulturlivet i Fitjar. I delar av året har mykje av aktivitetane vore reduserte. Fitjarrevyen vart gjennomført med strenge koronatiltak og reduserte plassar. Fitjarfestivalen blei avlyst. I lange periodar har ein greidd å oppretthalda ein del av kulturtilboda, men då med avgrensingar i høve til tal personar og strenge smitteverntiltak. I ein periode frå september og fram til byrjinga av desember gjekk det meste som normalt før det igjen vart stramma kraftig til igjen med strenge nasjonale tiltak. Fitjar Frivilligsentral har vore ein viktig samarbeidspartner under pandemien.

Det tradisjonelle 17. mai arrangementet i sentrum og ute i krinsane vart også i 2021 avlyst pga. av pandemien. Ungdomsrådet, kulturetaten og kyrkjekontoret stod i bresjen for ei digital overføring til innbyggjarane i Fitjar. Her var det innslag frå bilkortesjen rundt øya, digital gudsteneste, kransenedlegging ved krigsminnestøtta, 17. mai tale ved Agnar Aarskog, båtkortesje og sending frå Raunholm (Grudnavikjo) med musikkinnslag og oplesing av Else Hovland sin prolog frå 1983.

Arbeidet med restaureringa på Smedholmen er no fullført. Kårhuset vart våren 2021 malt innvendig og vart møblert på ein måte som står i stil med tidsepoken. Målet er å leiga ut huset til overnatting.

Galleri Losjen har hatt 2 arrangement.

Fitjar vart tildelt spelemidlar for 1 ordinært anlegg og 1 nærmiljøanlegg. Til saman 800 000,-.

Kulturkontoret deltok i organisering og gjennomføring av arrangementet Potetfarten i Fitjar der kulturprisen vart tildelt Harald Johan Sandvik.

Dagsturhytta vart våren 2021 flogen opp med helikopter i ulike modular og plassert ved Tveitakleivo. Eit omfattande dugnadsarbeid vart sett i gong for å laga ein stor terrasse rundt hytta i tillegg til å leggja til rettes for tilkomst til toalettet. Arbeidet vil bli fullført i 2022.

Fitjar kommune løyvde koronastøtte til Fitjar kultur- og idrettsbygg AS pga. smittvernrestriksjonar for kulturlivet- og inntektsbortfall. Dette utgjorde 550 000,- i 2020 og 400 000,- for 2021 fordelt på tre saker.

Fitjar kommune inngjekk i desember ein 3-årig samarbeidsavtale med Fitjar frivilligsentral for å vidareutvikla samarbeidet mellom frivillige lag- og organisasjonar og kommunale tenester.

Biblioteket har saman med rådhuset blitt miljøfyrtårnsertifisert i 2021. Besøkstala ved biblioteket ber preg av pandemien slik at det samla utlånet har vore lågare enn elles. Me har hatt fokus på å gjennomføre arrangement retta mot barn, og fleire i skule/barnehagetid som til dømes: Koding retta mot SFO-barn. "Fitjargames" (speltilbod som er eit samarbeid med Ope hus og Fitjar frivilligsentral) Eventyrstunder, Barnehagekonserten, Lesefest. Sommarles og forfattarbesøk (Falturiltu). For vaksne har det vore m.a. arrangert boklansering av «Hesten på leitet» som er eit samarbeidsarrangement med Fitjarposten forlag, Strikk og lytt», «Shared reading» og høgtlesing for vaksne.

Ungdomsrådet har vore aktive gjennom heile året trass i pandemien. Gjennom året har det vore 10 ordinære møte og arbeidsmøte for LAN. Rådet engasjerte seg i politiske saker m.a. kommunebudsjett. Dei hadde også ansvaret for digital sending av alle aktivitetar på 17. mai i samarbeid med kyrkjekontor og kulturkontor. På Håkonarstemne framførte nokre av medlemene eit utdrag av Håkonarspelet. I november vart det arrangert LAN i samarbeid med kulturkontoret på FKIB ei heil helg der om lag 50 ungdomar deltok. 4 medlemmer var på ungdomskonferanse i Kristiansand. 2 medlemmer var på nettverkssamling for Ungdommens fylkesting på Flesland. Ungdomsrådet fekk 50 000,- frå Fitjar Kraftlag til å laga til noko kjekt for ungdom, som skal nyttast til arrangement i 2022.

Fitjar kulturskule

Kulturskulen arbeider ut i frå sin tenesteomtale der visjonen er: Fitjar kulturskule skal vera ein kulturell ressurs for alle i Fitjar kommune. 2021 har også vore eit svært utfordrande år. Dette skuldast i hovudsak pandemien våren 2021. Ein mista også elevar fram til sommaren 2021, noko som førte til oppstart hausten 2021 med redusert elevtal. Det økonomiske sluttresultatet er likevel innafor, då kulturskulen hadde eit særstærkt driftsår.

I vårhalvåret greidde ein å gjennomføra ei barnehageforestilling og ein sommarkonsert. Hausten 2021 vart det gjennomført ein kulturskulekonsert og ei danseforestilling før samfunnet igjen vart stengt ned i desember. Fitjar skulekorps har så langt det let seg gjera gjennomført øvingar. Dei har også gjennomført enkelte konsertar i tillegg har dei lagt ut digitale konsertar som bygdefolket har kunna lytta til.

I Fitjar kommune har om lag 25 % av grunnskuleelevane plass i kultur-skulen. Kommunen ligg litt under den nasjonale målsetting på 30 %. Pr. 12.10. hadde kulturskulen 125 elevplassar fordelt på 101 elevar. Ein nedgang på 7 elevar frå året før. Det har vore ei utfordring å rekruttera nye elevar under pandemien. Usikkerheita i høve til gjennomføring har vore for stor.

Barnehagane

Den samla kapasiteten ved alle barnehagane i kommunen gjer at Fitjar kommune ved hovudopptaket 2021 innfridde retten til barnehageplass. Fitjar kommune betalar ved utgangen av året for 1 plass i andre kommunar. Samla har no 94,5 % (93,4 % nasjonalt) av barna 1-5 år barnehageplass.

Talet på barn i barnehagane gjekk ned med 8 barn samanlikna med året før noko som skuldast eit lågare fødselstal.

Fitjarstølane barnehage har på nytt søkt om å vera med i regional kompetanseheving (REKOMP) Søknaden vert avgjort tidleg i 2022. Barnehagen har også dette året tilbode bading for 3 – 5 åringane etter at dei på nytt søkte om støtte til dette via Statsforvaltaren. Dette har vore ein stor suksess/trivselsfaktor. 3 av dei tilsette i den kommunale barnehagen har godkjent barnehagelærerutdanning. Denne delen dekkjer kravet i høve pedagognorma innført 01.08.18.

Det ligg no inne 30 mill. i økonomiplan-perioden for 2022 – 2025 til ny kommunal barnehage. Kommunestyret har fatta vedtak om at den nye barnehagen skal liggja i Rossneset. Planleggingsarbeidet for ny barnehage held fram og målsetjinga er at den skal stå ferdig til hausten 2023.

HMT

Fitjar kommune har gode rutinar for HMT i skulane og kommunal barnehage. Dette året har alle sendt inn risiko og sårbarheitsanalysar for den daglege drifta. Dette har gitt god kunnskap for det vidare arbeidet med å førebyggja «uønskte hendingar». Gjennom kvalitetsloven har skulane blitt flinkare til å melda frå om avvik. Rutinar for terskelen for å melda eit avvik må det arbeidast vidare med.

Alle rektorane, barnehagestyrar, leiar ved helsestasjonen og ved kulturavdelinga gjennomfører medarbeidarsamtalar med sine tilsette. I desse samtalane vert det m.a. sett fokus på det psykososiale arbeidsmiljøet. Skulane og barnehagen har eigne møteplassar for dei tilsette med tanke på å skapa eit godt arbeidsmiljø.

Arrangementa i regi av velferdsklubben verkar også positivt på arbeidsmiljøet. Hausten 2021 arrangerte velferdsklubben eit eig motivasjonsseminar med Trond Haukedal. Dette vart svært vellukka. Om lag 150 personar møtte fram til to ulike førestillingar.

Sjukefråvær

Sjukefråværet innan oppvekst og kultur dette året vore på 6,4 %. Dette er ein gledeleg nedgang frå 7,8 % i 2020. Sjukefråværet ligg over målsetjinga for Fitjar kommune som er på under 6,0 %. 3 einingar ligg under denne grensa og 3 over. For dei som ligg over må ein gå inn å analysere tala og setja inn nødvendige tiltak som kan få sjukefråværet ned.

Personalsituasjonen og kompetanseheving

Samla er det 87,6 årsverk innafor oppvekst og kultur. Fordelt på 60 heiltidsstillingar og 27,6 årsverk i deltidsstillingar. Einingane har tilsette som er godt kvalifiserte for dei arbeids-oppgåvene som dei utfører. Kommunen har gode ordningar for vidare- og etterutdanning innafor skulesektoren. Dette året har 7 lærarar hatt frikjøp/stipendordning etter statleg/kommunal avtale. I tillegg har mange tilsette frå skulane og barnehagane vore på ulike webinar i regi av FOS (Forum for oppvekst i Sunnhordland). Alle leiarane innafor skule og barnehage var med på leiarkonferansen i Haugesund i oktober. Delen av lærarar med universitets/høgskuleutdanning er no tett oppunder 100 %. Talet på menn innafor oppvekst og kultur er altfor liten. Ved tilsetjingar der kandidatane elles står likt, vert menn "løfta fram".

ETAT FOR PLAN-, UTVIKLING OG TEKNISK

Ansvar	Forbruk	Per. Bud.	Avvik
Plan, byggesak og oppm.	980	236	-744
Drift og vedlikehald	19 200	17 249	-1 950
VAR	683	-128	-811
SFLMK	3 531	3 780	249
Brann og feiarvesen	4 325	3 889	-436
Sum	28 718	25 027	-3 692

Etaten har eit økonomisk resultat med vesentleg meirforbruk. Berre ei eining er i økonomisk balanse. Dette blir kommentert på den einskilde eining.

Etaten har eit samla sjukefråvær på 4,3 % noko som er svært positivt, og målet er nådd i 2021.

Plan, byggesak og oppmåling

Økonomi

Eininga sitt økonomiske resultat er i ubalanse med 0,7 mill. Grunnen til dette er svikt i inntekter pga. av ein vesentleg nedgang i tal byggesøknader etter ferien. Det er også høgare lønskostnader enn budsjettert. Dette skuldast mellom anna seinare pensjonstidspunkt enn det som låg inne i budsjettet.

Plan- og byggesak er eit sjølvkostområde og ein må vurdere tiltak for å koma i balanse i 2022.

Tilsyn

Kommunen sitt bygningsmynde er tilsynsorgan for saker etter plan- og bygningslova. Kommunen er pålagt å føre tilsyn med at regelverket vert overhaldd i kommunen, og skal føre tilsyn i eit slikt omfang at den kan avdekke regelbrot, jf. plan- og bygningslova § 25-1. Om plan- og bygningslova skal fungere etter intensjonen, må kommunen altså føre tilsyn med etterleving av regelverket slik at byggverk og seriøsitet i føretaka oppnår ønska kvalitet.

Grunna manglande kapasitet og mangel på fagkunnskap for ulike typar tilsyn, er det ikkje utarbeidd strategi for tilsynet, slik lova pålegg kommunen å gjere.

Ot.prp. nr. 45 tek til orde for at små kommunar som Fitjar bør organisere tilsyn gjennom interkommunalt tilsynsorgan. Dette for å sikre ein viss uavhengigheit i saksbehandlinga, samstundes som interkommunalt tilsynsorgan kan verte ei slagkraftige eining som bidreg til føreseielegheit og likebehandling ved oppfølging av tiltak og føretak. Det er ikkje gjort tilsyn i 2021.

Mål:

- Utarbeide tilsynsstrategi for 2022, søkje samarbeid med andre kommunar.
- Fortsetje oppfølginga av «aksjon strandsone».
- Fortsetje arbeidet med å oppdatere planverket i kart.
- Starte arbeidet med å legge dispensasjonar i kart i 2022.

Mål og måloppnåing

Mål 2021	Resultat 2021
God kvalitet på saks- og kundebehandlinga tidleg i prosessane, rask sakshandsaming innan fristane i PBL.	Oppnådd. Ingen fristbrot. Arbeider jamleg med å sikra god framdrift i planarbeid.
Balanse i sjølvkost.	Ikkje oppnådd. Forverring i sjølvkostgrad frå 2020.
Oppfølging av ulovlege byggetiltak.	Delvis oppnådd

Året som gjekk

Alle saker i løpet av året er behandla innan frist for saksbehandling.

Oversyn over behandling av saker

Fram til sommaren var tilfanget av byggesøknader om lag normalt. Etter ferien har me merka ein dramatisk nedgang i byggesaker. Noko ettergodkjenning etter nye søknader som følgje av utsendte brev om uavklarte eldre byggesaker/ ulovlighetsoppfølging.

- Det vart gjeve 7 ettergodkjenningar /delvis ettergodkjenning. Etter at avdelinga i 2019 iverksette å ta gebyr for mangelbrev/manglar i søknad- har dette gjeve resultat. Det er skreve ut færre mangelbrev enn året før.
- Avdelinga har fortsett med arbeidet med oppfølging av saker etter «aksjon strandsone» som vart restarta i 2020. Oppfølginga skjer i samsvar med strategien gjeve i kommunestyrevedtak PS 177/20.
- Det er handsama 94 byggesaker (mot 150 året før) som omfattar 6 rammesøknader, 55 søknader med ansvarsrett og 33 saker utan ansvarsrett. Av dei 94 sakene var 63 vedteke i samsvar med plan, 27 vart innvilga ved dispensasjon frå plan og det vart gjeve 4 avslag.
- Det er motteke 28 dispensasjons-søknader, der 27 har blitt handsama.
- Det vart gjeve 11 mellombels bruksløyve og det vart skrive ut 75 ferdigattestar. Nokre av ferdigattestane skriv seg frå eldre byggesaker, som det vart sendt etterspurnad på.
- Det er handsama 6 klager, av dette var 1 klage på gebyr.
- 3 planar vedteke i 2021: Hellandsjøen PlanID201303 (mindre endring), Koløyholmen PlanID201303 (mindre endring del av plan), Kalveid PlanID202002 (ordinær endring del av plan).
- Det er pågåande planarbeid: Reguleringsplan for Fitjar sentrum PlanID201901 (ny områdeplan), PlanID201902 Skålevik Bustadfelt (ny detaljplan), PlanID202001 Vestbøstad IV (ny detaljplan), PlanID201701 Årskog industriområde (mindre endring av

plan), Plan201104 Port Steingard (ordinær endring og utviding av plan), Vesthaugane PlanID202103 (endre delplan til detaljplan), PlanID202101 Steinbrudd Levåg (ny detaljplan), PlanID202102 Barnehage Rosneset (ny detaljplan), Delplan nr 16 Kråko (mindre endring av delplan).

- Det er starta opp 5 nye planar: PlanID202101 Steinbrudd Levåg, PlanID202102 Barnehage Rosneset Vesthaugane PlanID202103, Port Steingard PlanID202104, Delplan nr 16 Kråko.
- Status for områdeplan Fitjar sentrum; 1. gangs handsaming i 28.04., Off. ettersyn til 02.08.

Overordna planarbeid

Avdelinga har hatt omfattande arbeid med ny områdeplan for Fitjar sentrum gjennom året. Det er ikkje utført overordna planarbeid utover dette i 2021.

Personalsituasjonen ved avdelinga

Avdelinga har 3,45 årsverk i 2021. Det er eit nært samarbeid med rådmannen og ulike sektorar i planarbeid.

Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor (SFLMK)

Det interkommunale landbruks- og miljøkontoret har eit positivt økonomisk resultat på 0,29 mill. Årsaka er i hovudsak vakanse på avdelinga grunna tilsetting av ny miljørådgivar i 2021. Eininga har eit samla sjukefråvær på 1 % noko som er svært positivt, og målet er nådd i 2021.

Stord og Fitjar landbruks- og miljøkontor har sidan 2017 levert tenester til Austevoll kommune innan forvaltningsområda landbruk og vilt. Arbeidsoppgåvene frå Austevoll har jamleg auka og SFLMK ser at det vil vere behov for å auke bemanninga på kontoret. Austevoll kommune har budsjettert med ei auke med 270 000,- for kjøp av tenester av SFLMK i 2022. SFLMK kan difor auke bemanninga på kontoret med 15 %. Det er rådgjevar på skog og vilt som aukar sin stillingsprosent i frå 60 til 75. Stillingsomfanget har i 2021 vore 4,6 årsverk, men vil auke til 4,75 årsverk i 2022.

Fitjar har eit solid og veldrive landbruk, og samla produksjonsomfang for næringa er på om lag same nivå som året før. Produktivt jordbruksareal vert halde ved lag, og me får nye dyrkingsareal gjennom nydyrking. Vekstsesongen var i 2021 god, og me fekk gode grasavlingar.

Det er berekna utbetalt 12 755 385,- i produksjons og avløysartilskot i jordbruket fordelt på 72 søknader i 2021. Seks av søkjarane er samdrifter. Disponibel mjølkekvote for Fitjar er 2 208 767 liter, fordelt på 10 føretak.

Det er berekna utbetalt 539 891,- i tilskot gjennom ordninga Regionalt Miljøprogram, med grunnlag i 19 søknader for 2021. I tillegg er 66 415,- i tilskot berekna utbetalt til Fitjar beitelag og til Fitjarøyane beitelag, for ordninga organisert beitebruk.

Fitjar kommune fekk totalt tildelt 50 000,- frå Fylkesmannen i Vestland til investering i beiteområde. Det kom inn 5 søknader frå 3

føretak. 2 søknader fekk innvilga 59 400,- i tilskot.

Fitjar kommune fekk tildelt 220 000,- i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Vestland i 2021. Medrekna ubrukne midlar frå året før og tilleggsløyving vart det samla løyvd 425 655,- til 9 ulike tiltak. Fire løyvingar gjekk til istandsetting av verneverdig bygg, fire til istandsetting av kulturlandskap og ein løyving til utarbeiding av tilstand- og restaureringsrapport.

Fitjar kommune fekk tildelt 70 000,- i tilskot til drenering, og det er løyvd 45 500,- til tre tiltak.

Fitjar kommune var vertskommune for Vassområde Sunnhordland fram til mai 2021. Stillinga vassområdekoordinator er flytta over til Vestland Fylkeskommune, og dei 9 kommunane i Sunnhordland vassområde er med i eit spleiselag for å bidra til 50 % av løna. Vassområdekoordinator skal koordinere arbeidet med vassforvaltninga til dei 9 kommunane. Miljørådgivar hos SFLMK er kontaktperson for kommunane Stord og Fitjar.

På Osternes er det er bygd ny skogsveg og det er utbetalt 2 061 406,- i tilskot til vegen. Det er i tillegg løyvd 250 000,- til slutføring av veganlegget. SFLMK har arrangert to kurs i bruk og stell av motorsag for Stord og Fitjar. 319 fellingsløyve på hjort vart tildelt i 2021 og det ble felt 293 dyr. Det gir ein fellingsprosent på 92 %. Stord og Fitjar har utarbeid 2 felles forvaltningsplanar, ein på gås og ein på hjort, som låg ute på høyring i 2021. Planane vert handsama politisk i 2022.

Veterinærvaktenesta i Stord vaktområde omfattar kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Austevoll. Kommunane har også i 2021 ytt tilskot for å sikra ei forsvarleg veterinærtjeneste og ei god vaktordning.

Tekniske tenester

Økonomi

Det er meirforbruk på 1,6 mill. i straumutgifter, det skyldast svært høge straumprisar i 2021, som var mykje høgare enn det som var budsjettert. Det blei brukt 3,8 mill. til straum. Det er også meirforbruk, då det var for lite inntekter i forhold til utleige av kai til skip i opplag på Årskog kai. I tillegg var det for lite inntekter i forhold til husleige, då mange leilegheiter er ledige.

Mål og måloppnåing

Mål 2021	Omtale	Resultat 2021
Vedlikehalde og auka kompetansen blant menneskap, gjennom eigne øvingar og eksterne kurs. Tett samarbeid mellom fagfolka.	Ta att etterslep på vedlikehaldssida, særleg den kommunale bygningsmassen og veg.	Delvis oppnådd
Realisere byggeprosjekt som når måla for tenestene.	Realisere den grønne kommunen	Oppnådd

Året som gjekk

Me har hatt høg gjennomføringsgrad for vedtekne investeringar i 2021.

- Årleg utskifting av gatelys til LED-lys
- Adresseskilting
- Barnehageplanlegging
- Bygging av brannstasjon
- Prosjektering ventilasjonsanlegg i Havnahuset
- Veg generell
- Oppgradering kjøkken FBB
- Vaktmeisterbil
- Utskifting av gatelys til LED-lys
- Oppgradering uteområde Rimbareid skule, spleiselag
- Adresseskilting
- Fjerning av gammal ballbinge utanfor FKIB
- Dagsturhytte inkl. wc
- Ny heilskapleg ROS analyse

Pandemi:

Meir reinhald på alle bygg.

Drift

2021 har vore eit hektisk år for drift- og vedlikehaldspersonalet, med vedlikehald og oppgradering av bygningsmassen. Over dei siste par- tre åra har kommunen fått over 15 nye bustader som skal tilpassast og haldast ved like. Avdelinga gjennomfører oppussing av leilegheiter ved Havnahuset mv med i all hovudsak med eigne fagfolk.

Eigne tilsette og Haugaland Kraft har hatt vedlikehaldet av gatelys.

Vintervedlikehaldet vert utført av innleigde entreprenørar, etter anbod. Eigne tilsette ute på strøppdrag kring sjukeheim, og skuleplass ved behov. Vaktmeistertenesta

har og ansvar for mottak, reparasjon og distribusjon av hjelpemidlar, montering av komfyrvakt og tryggleiksalarmar, nøkkel-boksar mv. til heimebuande med slike tryggleiksbehov. Vedlikehald av grønt-anlegga i sentrum er ivareteke med eigne ressursar. Driftsavtalen med Fitjar Idrettslag på grasbanen og kunstgrasbanen er vidareført.

Fleire trafikktryggings-tiltak vart gjennomført, med støtte frå Vestland fylkeskommune. Nytt mobilitetsprosjekt "Fossil nærtrafikk- vegen ut" med støtte frå Klimasatsmidlar og Vestland fylkeskommune held fram i 2022. Fitjar kommune fekk 1 560 000,- i klimasats midlar til prosjektet. Det er oppretta styringsgruppe og arbeidsgruppe.

Fitjar kommune melder overgang til lågutsleppssamfunnet gjennom miljøatsingar. Kommunen legg FN sine berekraftsmål til grunn for kommuneplanen sin samfunnsdel. Følgande er blitt utført på teknisk avdeling:

- Utskifting til elbilar i kommunale tenester.
- Ladestasjonar for elbilar i sentrum, og ved tenestebygga våre.
- Me skiftar alle gatelys til LED lys.
- Ny klimavenleg barnehage plan- og design konkurranse – passivhus

- standard, bergvarme som oppvarming og smart drift.
- Miljøfyrtårnsertifisering av rådhus og bibliotek 2021 utført av teknisk. Alle avdelingar i Fitjar kommune vil bli miljøtårnsertifisert.
- Ny brannstasjon med bergvarme som oppvarming og solceller på taket.
- Digitalisering på teknisk.

Miljøfyrtårnsertifisering

Arbeidet med miljøfyrtårn har hatt god framdrift, sjølvse sertifiseringa vil skjedd i 2021. Teknisk har leia dette arbeidet og det har vore mykje arbeid for å få tak i all dokumentasjon og lage ny dokumentasjon. Fitjar rådhus, som hovudkontor modell blei sertifisert ilag med Fitjar folkebibliotek. Det er også laga klima- og miljørapport for rådhus og folkebiblioteket. Det vil bli laga ein plan for når alle avdelingane i Fitjar kommune, skal bli miljøfyrtårn sertifisert. Kvar eining vil ha ansvar for å utføre sertifiseringa hos seg.

Personale

Eininga hadde 10,6 årsverk i 2021.

Vatn og avløp

Eininga sitt økonomiske resultat er i ubalanse med 0,8 mill. Grunnen til dette er brukt meir på kartverk og driftsavtalar og høgare straumutgifter. Vatn- og avløp er eit sjølvkostområde og ein må vurdere tiltak for å koma i balanse i 2022.

Året som gjekk

- Div. småanlegg vass
- Avlaup småanlegg
- Tiltaksplan spreidd avløp
- Resipientundersøkingar
- FDV vedlikehaldssystem drikkevatt/avløp

Nokre investeringar er starta opp i 2021, og vert vidareført det komande året: renovering teknisk bygg, slamavskiller Fiskaneset, sanering vatn og avløp og høgdebasseng Fitjarstølane.

Drift

I 2021 vart det reinsa og levert 658 460 m³ vatn ut på nett. Det var ein kald vinter med mykje frosttapping og ein varm sommar med mykje hagevatning. Dette var ein oppgang i høve til 2020 då det vart levert 582 472 m³. I 2019 vart levert 658 173 m³.

Det var ingen store vasslekkasjar, men om lag 4-5 mindre som vart oppdaga ved leiting. I tillegg vart det skifta ein del luftteklokker på grunn av frostskadar tidleg på året.

Personale

Personale har i 2021 vore 5,09 årsverk. Det er behov for fleire ressursar i samband med at arbeidet med ny hovudplan for V/A er starta, og dette er lagt inn i budsjett 2021.

Det er sterkt behov for renovering av teknisk bygg på Årskog. Det er ikkje tilfredsstillande kantine- og garderobeforhold i dag.

Mål og måloppnåing

Mål 2021	Omtale	Resultat 2021
Revisjonen av årsrekneskapen har i stort grad vore retta mot å verifisera balansepostane pr. 31.12.2021. Vi har lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi avstemt/kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege kostnader/utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

Avstemming merverdiavgift

Vi har observert manglande avstemming av merverdiavgifta pr 31.12.2021. Dette er og rapportert pr 31.12.2020. Det er avdekka avvik mellom innsendt momsoppgåve og det som er ført på tilhørande balansekonto i rekneskapen. Økonomisjefen opplyser at det er momsoppgåva som er feil og rekneskapen som er riktig, og at kommunen har rutine på å korrigere oppgåvene i løpet av våren. Feilen har ikke effekt på rekneskapen og kommunen opplyser at den vil bli retta i 2022.

Vi anbefaler at kommunen jobber med å få på plass gode kontroll og avstemmingsrutiner i forkant av avslutting av momsterminane slik at ein slepp å sende endringsoppgåder i ettertid.

Avvika er ein indikasjon på svak intern kontroll, og kunne blitt fanga opp av tidsriktige avstemmingsrutinar.

Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Kopi: Rådmann

Til

Kontrollutvalget i Fitjar kommune

UAVHENGIG REVISORS ATTESTASJONSUTTALELSE OM ETTERLEVELSE AV BESTEMMELSER FOR OFFENTLIG TILSKUDD TIL PRIVATE BARNEHAGER

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Fitjar kommunes etterlevelse av bestemmelser og vedtak av tilskudd til private barnehager.

Vi har kontrollert perioden fra 01.01.2021 – 31.12.2021.

Vi har gjort en nærmere gjennomgang av Fitjar kommunes rutine for beregning av tilskudd til private barnehager og vurderer denne mot regnskapstall og «Veileder for beregning av tilskudd til private barnehager».

1. Har kommunen tilfredsstillende rutiner beregning av tilskuddssatser?

Ledelsens ansvar for etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

Kommunedirektøren er ansvarlig for å etablere administrative rutiner som sørger for at økonomiforvaltningen utøves i tråd med bestemmelser og vedtak, og at økonomiforvaltningen er gjenstand for betryggende kontroll.

Vår uavhengighet og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneholder uavhengighetskrav og andre krav basert på grunnleggende prinsipper om integritet, objektivitet, faglig kompetanse og tilbørlig aktsomhet, fortrolighet og profesjonell opptreden.

I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester) har Deloitte AS et tilstrekkelig kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering.

Våre oppgaver og plikter

Vår oppgave er å avgi en uttalelse om etterlevelse av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen på grunnlag av bevisene vi har hentet inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerhet i samsvar med kommunelovens regler og RSK 301 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen. Standarden krever at vi planlegger og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerhet for hvorvidt det foreligger vesentlige feil eller mangler ved etterlevelse av bestemmelser og vedtak i kommunens økonomiforvaltning.

Vi baserer oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering som er lagt frem for kontrollutvalget.

Utføring av et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet i henhold til RSK 301, innebærer å utføre handlinger for å innhente bevis for at bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen etterleves. Typen, tidspunktet for og omfanget av de valgte handlingene er gjenstand for revisors skjønn. Moderat sikkerhet har klart lavere sikkerhetsgrad enn betryggende sikkerhet, og vi gir derfor ikke uttrykk for samme nivå av sikkerhet som i en revisjonsberetning.

Vi mener at vi har innhentet tilstrekkelig og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tro at Fitjar kommune i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i regelverket.

Denne uttalelsen er utelukkende utarbeidet for å gi kontrollutvalget et bedre grunnlag for å ivareta sitt ansvar med økonomiforvaltningen og til Fitjar kommunes informasjon, og er ikke nødvendigvis egnet til andre formål.

Haugesund, 19. april 2022

Deloitte AS



Else Holst-Larsen

statsautorisert revisor



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/110-1
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	7/22	04.05.2022

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp betringsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS.
2. Kontrollutvalet ber om skriftleg tilbakemelding på handlingsplan til møte i kontrollutvalet 14.09.22. Handlingsplan vert å senda sekretariatet innan 24.08.22

Samandrag

Kommunestyret handsama revisjonsrapporten i møte 29.09.21, og vedtaket er i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet. Kommunedirektør har fått frist til 01.04.22 til å gi tilbakemelding på handlingsplanen. Sekretariatet har i epost frå kommunedirektør blitt informert om at det vert gitt ei orientering om saka i dette møte. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunedirektør om ny skriftleg status til møte i kontrollutvalet 14.09.22.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 29.09.21 i PS 43/2021:

«Vedtak:

1. Fitjar kommune ber om at rådmannen følgjer opp forholda slik det kjem fram av revisjonsrapporten på s. 31 og 32.
2. Fitjar kommune ber om at selskapet følgjer opp forholda slik det kjem fram på s.32 i rapporten
3. Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet frå rådmannen og leiinga i selskapet innan 1. april 2022, om korleis vedtaket vert fulgt opp»

Av revisjonsrapporten side 31 og 32 kjem dette fram som tilrådingar:

Basert på det som kjem fram i undersøkinga, tilrår revisjonen at kommunen iverksett følgjande tiltak:

1. Sikre at det blir utarbeidd ei eigarskapsmelding som er i samsvar med lovkrava blir gjennomført, slik som planlagt
2. Sikre at eigarstyringa og oppfølginga av selskapet blir formalisert og tydeleggjort, inkludert med omsyn til:
 - a) Mål og strategi for eigarskapen
 - b) Oppgåve- og ansvarsdeling for eigarstyring og oppfølging
 - c) Krav og forventingar til selskapet
 - d) Oppfølginga av selskapet
 - e) Gjennomføring av eigarmøte, inkludert når det gjeld hyppigheit, deltakarar, og agenda
3. Endre vedtektene slik at dei inneheld:
 - a) Kva innkallingsfrist som gjeld for generalforsamling
 - b) At det skal brukast valkomité for val av styremedlemmar
 - c) At varamedlemmane i styret er numeriske
 - d) At det skal vere kjønnsbalanse i styret.
4. Utarbeide formelle retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid
5. Avklare om kommunen kan velje heile styret, eller om vedtektene avgrensar denne moglegheita
6. Sikre at den som stiller som representant for kommunen i generalforsamlinga har nødvendig fullmakt
7. Sikre at politikarar og eigarrepresentantar får naudsynt opplæring i eigarskapsforvaltning
8. Vurdere tiltak som sikrar at styret har tilstrekkeleg kompetanse

Basert på funna i undersøkinga, tilrår revisjonen vidare at selskapet iverksett følgjande tiltak:

1. Sikre at det blir utarbeidd:
 - a) Styreinstruks
 - b) Instruks for dagleg leiar
 - c) Plan for styret sitt arbeid
 - d) Etske retningslinjer for selskapet
 - e) Styrende dokument for selskapet, som måldokument, verksemdsstrategi og planar
 - f) Rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsoppgåver, inkludert for inngåing av leigekontraktar (og då spesielt med omsyn til fastsetting av leigepreis) og for handsaming av meirverdiavgift
2. Syte for at styremedlemmane blir registert i KS sitt styrevervregister
3. Sikre at det blir gjennomført årleg eigenevaluering av styret sitt arbeid
4. Vurdere tiltak for å sikre tilstrekkeleg kompetanse i styret, t.d. gjennom styreseminar eller ekstern opplæring av styremedlemmar

5. Tydeleggjer oppgåve- og ansvarsdelinga i selskapet, og då særleg for dagleg leiar og styreleiar. Dette kan t.d. gjerast gjennom styreinstruks og instruks til dagleg leiar, jf. tilråding 1 a) og 1 b).
6. Vurdere kva rapporteringslinjer som er føremålstenlege, og formalisere desse
7. Gjennomføre ei heilskapleg og konkret vurdering av om regelverket for offentlege anskaffingar gjer seg gjeldande for selskapet

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har ikkje motteke handlingsplan frå kommunedirektør, men i epost frå kommune- direktør motteke 25.04.22 kjem det fram slik informasjon.

«Takk for påminning. Dette er ei sak som me har på sakslista, men som me ikkje er kome heilt i mål med enno. Ein av grunnane til det er at me ønskjer å ta dette opp på første generalforsamling i Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS på førstkomande måndag før me legg fram tiltak og tidsplan. Etter at generalforsamlinga er avslutta måndag 2/5-22 er det også avtale eit møte mellom ordførar, kommunedirektør, dagleg leiar FKIB og styreleiar FKIB der me skal gå gjennom dette. Planen er at handlingsplanen vert laga ferdig etter dette møtet slik at den kan leggjast fram for kontrollutvalet på onsdag og gått gjennom der.

Eg håpar at dette er ein god måte å gjere dette på og at kontrollutvalet vert nøgd med det som me legg fram på onsdag.»

Konklusjon

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber kommunedirektør om skriftleg status på handlingsplanen til septembermøtet 14.09.22 i kontrollutvalet.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/121-2
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	8/22	04.05.2022

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Fitjar kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Kjell Aleksander Skogsrud
Formannskapet	Björg Tislevoll
Utval for plan og miljø	Gro Rydland
Utval for oppvekst og omsorg	Jostein Sandvik
Viltnemnda	Frank Solli

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalsmedlemene vert bedne om å sjå gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå til dette møtet.

Politisk organ:	Møtedatoar:
Kommunestyret	23.03.2022
Formannskapet	01.03.2022, 16.03.2022, 30.03.2022 og 27.04.2022
Utval for plan og miljø	05.04.2022 og 19.04.2022
Utval for oppvekst og omsorg	06.04.2022
Viltnemnda	21.03.2022

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/117-2
Saksbehandlar Helge Inge Johansen
:

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	9/22	04.05.2022

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 27.02.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

TILSYNSRAPPORT

Rapport frå tilsyn med undersøkingar i Sunnhordland Interkommunale Barnevern 2021

Tidsrom for tilsynsbesøket:

19.10.2021–21.10.2021

Statsforvaltaren i Vestland

25.03.2022

Oppfølging av tilsynet

I dette tilsynet blei det ikkje avdekt lovbrøt. Tilsynet er derfor avslutta.

Innholdsfortegnelse

1. Tilsynets tema og omfang
2. Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet
3. Framstilling av faktagrunnlaget
4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag
5. Statsforvaltarens konklusjon

Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

Alle tilsynsrapporter fra dette landsomfattende tilsynet

Statsforvaltaren gjennomførte tilsyn med barnevernstenesta i Sunnhordland Interkommunale Barnevern (SIB) frå 19.10 - 21.10. 2021. Vi undersøkte om kommunen sørgjer for at barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar blir utført i samsvar med aktuelle lovkrav slik at barn og familiar får trygge og gode tenester.

Tilsynet er gjennomført som del av eit landsomfattande tilsyn initiert av Statens helsetilsyn. Utkast til rapport blei sendt 2.11.21, og tilbakemelding er innarbeida i rapporten. Tilsynet blir avslutta med rapporten. Vi takker for godt samarbeid gjennom tilsynet.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Kommunen sikrar gjennom si styring og leiing at Sunnhordland Interkommunale Barnevern sitt arbeid med undersøkingar er forsvarleg. Det gjeld både planlegging, framdrift, dokumentasjon, vurderingar og konklusjon. Barn får medverke i tråd med lovkrav.

Dette er i samsvar med barnevernslova §§ 1-4, 2-1, 4-1, 4-3, 6-1 og 6-9, samt forvaltningslova § 17.

1. Tilsynets tema og omfang

Statsforvaltaren har undersøkt og vurdert om kommunen sikrar at barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar er forsvarleg. Dette inneberer ei undersøking og vurdering av om Sunnhordland interkommunale barnevernsteneste har

- planlagt undersøkinga i samsvar med innhaldet i meldinga og eventuelt tidlegare undersøkingar eller kontakt med familien
- sørga for at innhaldet i undersøkinga, omfanget og framdrifta er i samsvar med alvorleg i situasjonen for barnet
- gjort relevante barnevernfaglege og juridiske vurderingar både undervegs og til slutt i undersøking
- konkludert undersøkinga i samsvar med bekymringa og dei vurderingane som er gjort
- har gjort nødvendige vurderingar og tiltak for arbeidet med undersøkingane som følgje av koronasituasjonen 2020-2021

Tilsynet har omfatta undersøkingar av situasjonen til barn som budde heime da barnevernstenesta fekk bekymringsmeldinga, og der bekymringa hadde eit alvorleg innhald. Det vil seie barn under 18 år som bur i biologisk familie, adoptivfamilie eller hos andre utan barneverntenesta si medverknad.

Statsforvaltaren sitt tilsyn er gjennomført som systemrevisjon. Det inneber at statsforvaltaren har ført tilsyn med kommunen si styring og leiing av arbeidet med om barneverntenesta oppfyller dei aktuelle lovkrava.

Barn og foreldre sine meiningar om og erfaringar med barnevernstenesta sitt arbeid med undersøkingar, er viktig informasjon for tilsynsmyndigheita, både når det gjeld kvaliteten på tenestene og kommunen sin praksis når det gjeld brukarmedverknad. Eit utval foreldre og barn har derfor blitt intervjuva ved dette tilsynet.

2. Aktuelt lovgrunnlag for tilsynet

Statsforvaltaren er gitt mynde til å føre tilsyn med kommunal barnevernsteneste, etter barnevernlova § 2-3 b. Eit tilsyn er kontroll av om verksemda sin praksis er i samsvar med gjeldande reglar i lov- og forskrift. Vi gir derfor her ei oversikt over krava som vart lagt til grunn i tilsynet.

Barneverntenesta har ein rett og plikt til å foreta undersøking når den vurderer at det er «rimelig grunn til å anta» at det ligg føre forhold som kan gi grunnlag for tiltak etter barnevernlova kapittel 4.

Føremålet med undersøkinga er å vurdere og konkludere om barnet lever i ein omsorgssituasjon som kan gi grunnlag for barneverntiltak. Krava til undersøkinga følgjer av reglane i barnevernlova (bvl) og forvaltningslova (fvl).

Forsvarlege tenester

Alle tenester og tiltak etter barnevernslova skal vere forsvarlege etter barnevernslova (bvl) § 1-4. Barnevernslova sin regel om forsvarlege tenester har eit heilskapleg utgangspunkt. Både reglane i barnevernlova og forvaltningslova om saksbehandling gir innhald til kravet om forsvarleg gjennomføring av undersøking.

Kravet om forsvarleg arbeid er retta mot både tenester og tiltak, og inneber også krav til leiging, organisering og styring. Det er en nær samanheng mellom dette kravet og kravet om internkontroll, jf. kommunelova § 25-1.

Barnet sitt beste

Prinsippet om barnet sitt beste går fram både av barnekonvensjonen artikkel 3 og Grunnlova § 104. Barnet sitt beste skal vere grunnleggande omsyn ved alle handlingar og avgjerder som gjeld barn. I barnevernlova er prinsippet nedfelt i § 4-1, der det går fram at det skal leggst avgjerande vekt på å finne tiltak som er til beste for barnet. Regelen slår også fast at det i denne vurderinga skal leggst vekt på å gje barnet stabil og god vaksenkontakt og kontinuitet i omsorga. Prinsippet er ein sjølvstendig rettigheit for kvart barn, men skal også leggst vekt på i tolkinga av andre reglar og vere ei retningslinje for saksbehandlinga i alle saker som gjeld barn.

Barnets rett til medverknad

Barnets rett til å bli høyrtd går fram av bvl § 1-6. Regelen gir barnet ein sjølvstendig rett til å medverke.

Retten gjeld alle forhold som gjeld barnet, ikkje berre når det skal takast rettslege eller administrative avgjerder. Retten til medverknad inneber at dei som tek avgjerder har ei plikt til å gi barnet ein moglegheit til å medverke. Dette gjeld også i ein undersøking.

Prinsippet om barnets beste heng saman med barnets rett til medverknad. Føremålet med medverknad er å opplyse saka i samsvar med lova, under dette å få fram barnets meining om eigen situasjon for å bidra til at dei avgjerder barnevernet tar i ein undersøking er til barnets beste. Det å kjenne til barnets meining, er ein føresetnad for å sikre barnets beste.

Samarbeid med foreldra

Etter bvl. § 1-7 skal barnevernet utføre arbeidet sitt med respekt for og så langt som mogleg i samarbeid med barnet og barnet sine foreldre. Foreldra har sjølvstendige rettar i undersøkingssaker som gjeld dei. Foreldre som er part i saka, har rett til å uttale seg etter fvl. § 17. Barnevernet skal i utgangspunktet legge fram alle opplysningane som dei får i undersøkinga slik at foreldra kan uttale seg. Barneverntenesta bør også gjera foreldra kjent med andre opplysningar som er av vesentleg betydning for saka i samsvar med fvl. § 17.

Når det blir innhenta samtykke, er det viktig at det skjer frivillig og at personen har forstått kva han/ho samtykker til, og konsekvensane av å samtykke. Dette blir kalla informert samtykke. Samtykke bør, så langt det lar seg gjere vere skriftleg. Det er ikkje krav om skriftleg samtykke i barnevernlova. Det er heller ikkje krav om utforminga av samtykke. Eit samtykke kan bli gitt munnleg, skriftleg eller stillteiande. Samtykke kan når som helst bli trekt tilbake heilt eller delvis.

Der ein er samtykkekompetent, og dei er gitt mogelegheit til å medverke og ikkje protesterer, må barneverntenesta kunne gå ut i frå at foreldra har gitt eit informert samtykke. For å sikre at foreldre faktisk har fått tilstrekkeleg informasjon, og har tenkt over følgene av å samtykke, bør barnevernet vurdere om samtykket skal gjerast skriftleg. Eit skriftleg samtykke kan i større grad bli etterprøvd, og gjer det tydeleg kva det er samtykka til. Eit skriftleg samtykke kan òg føre til at den som samtykker tenker seg grundigare om, og slik auke kvaliteten på samtykket.

Nærare om krav til undersøkinga - innhald, omfang og framgangsmåte

Barneverntenesta må sjå til at faktum er klarlagt så langt det er mogleg før det vert treft vedtak, jf. fvl. § 17. Dette inneber at relevante sider av saka må komme fram. Barneverntenesta må vurdere om opplysningar som kommer inn undervegs i undersøkinga er riktig og om dei krev nye undersøkingar. Undersøkinga skal vere så grundig som saka krev. Den skal likevel ikkje vere meir omfattande enn føremålet tilseier, jf. barnevernlova § 4-3, 2. ledd. Moment som alvor, kompleksitet og hastegrad vil ha noko å seie for kor grundig barneverntenesta skal undersøke.

Foreldra eller den barnet bur hos, kan ikkje motsette seg at ei undersøking blir gjennomført ved besøk i heimen, jf. bvl. § 4-3 tredje ledd, og barneverntenesta kan også engasjere sakkunnige, jf. bvl. § 4-3 fjerde ledd.

Etter bvl. § 6-4 femte ledd skal barneverntenesta hente inn opplysningar i samarbeid med foreldra. Innhenting av teiepliktige opplysningar frå andre forvaltningsorgan og helsepersonell er omfatta av teieplikta. Dette inneber at barneverntenesta må ha gyldig samtykke frå foreldra for å innhente opplysningane, jf. fvl. § 13 a nr. 1 eller ein lovheimel som gir unntak frå teieplikta.

Barneverntenester har heimel til å pålegge mellom anna offentleg mynde å gi teiepliktige opplysningar i dei situasjonane som er skildra i bvl. § 6-4.

I følge bvl. § 6-9 skal barneverntenesta gjennomføre undersøkingar så raskt saka krev, og seinast innan tre månader, eventuelt seks månader i særlege tilfelle.

Dokumentasjon

Det høyrer til god forvaltningsskikk å sørkje for tilstrekkeleg og etterretteleg dokumentasjon for å gjere greie for kva som er gjort i saka og grunngevinga for dette. Dokumentasjonsplikta er også ein følgje av krav til styring og av kravet om forsvarlege tenester.

Både avgjerd om å gi hjelpetiltak og leggje bort ei sak etter undersøking er enkeltvedtak etter forvaltningslova, jf. bvl. § 6-1 andre ledd og § 4-3 sjette ledd. Dette inneber at vedtaket skal grunnjevast i samsvar med reglane i fvl. §§ 24 og 25. I tillegg skal det etter bvl. § 6-3a gå fram av vedtaket kva som er barnet sitt synspunkt, og kva vekt barnets si meining er tillagt. Korleis barnets beste er vurderte skal også gå fram av vedtaket.

Krav til styring og leining

Kravet til leining, organisering og styring er et viktig element i kommunen sitt ansvar for å gjere forsvarlege tenester. Krava til internkontroll er regulert i kommunelova jf. bvl. § 2-1 andre ledd. Kommunelova § 25-1 slår fast at kommunen skal ha internkontroll med barneverntenestene sitt arbeid med undersøkingar. Målet med internkontrollen er å sikre at barnevernsløva med tilhøyrande forskrifter sine krav til undersøkingar blir følgd. Kommunedirektøren er ansvarleg for internkontrollen.

I bvl. § 2-1 sjuande ledd går det fram at kommunen skal sørkje for at tilsette som gjennomfører undersøkingar i barneverntenesta har kompetanse til å utføre arbeidet forsvarleg. Kommunen har ansvaret for å gi nødvendig opplæring ved behov.

Kommunen må også kunne gjere greie for korleis den oppfyller krava til internkontroll. Internkontrollplikten inneberer at kommunen skal ha systematiske tiltak som sikrar at barnevernets aktivitetar planleggast, organiserast, utføres og vedlikehaldas i samsvar med de lov- og forskriftskrav som regulerer aktivitetane.

I kommunelova § 25-1 tredje ledd bokstav a til e stilles det krav til innhaldet i internkontrollen. Kommunen skal skaffe seg oversikt over, og følge med på, områder kor det er fare for svikt i tenestene eller at tenestene ikkje følger lov- og forskriftskrava. Kva for styringsaktiviteter som er nødvendige for å få oversikt vil variere avhengig av blant anna organisering og storleik på tenesta.

Det skal settast i verk tiltak slik at manglar i tenestene blir fanga opp. Kommunen skal utvikle, iverksette, kontrollere, evaluere og forbetre nødvendige prosedyrar, instruksar, rutinar eller andre tiltak for å avdekke, rette opp og forebygge feil og manglar i tenesta. Det er opp til kommunen å vurdere i kva grad det er behov for rutinar for å oppfylle lovkrava. Rutinar som ikkje er skriftlege, men som er klart kjent for tilsette, kan vere tilstrekkeleg.

3. Framstilling av faktagrunnlaget

Organisering

Sunnhordland Interkommunale Barnevern (SIB) er felles barnevernteneste for kommunane Stord, Fitjar og Bømlo. Dei tre kommunane har oppretta ei felles fageining for utøving og drift av barnevernstenesta. Samarbeidet er organisert som ei eining i Stord kommune. Stord kommune

er vertskommune, Fitjar og Bømlo er samarbeidskommunar. Kommunane Stord (18 759), Bømlo (12 000) og Fitjar (3189) har til saman nær 34 000 innbyggjarar. Stord kommune ved rådmannen har fått delegert all mynde (rettar og plikter) etter barnevernlova frå dei to andre kommunane. Leiargruppa består av rådmann, to kommunalsjefar, plansjef, økonomisjef, og personal- og organisasjonssjef. Kvar eining har definerte oppgåver, og einingsleiaren har vide fullmakter gjennom delegasjonsreglement og leiaravtalen.

Barnevernstenesta er ei av 19 einingar under kommunalsjef. Barnevernstenesta er organisert med einingsleiar, stadfortredar og seks lag/team med kvar sin lagleiar: Lag sped og små, lag barn, lag ungdom, lag omsorg, lag familierettleiing, og lag for kontorlag/merkantile funksjonar. Lag sped og små, lag barn og lag ungdom jobbar med undersøkingar, medan lag omsorg og familierettleiarane jobbar med tiltak. Lagleiar på sped og små, lagleiar barn og lagleiar ungdom, og mottaksansvarleg tek imot og behandlar meldingar.

Per 01.05.21 har barneverntenesta 29,5 stillingsheimlar, fordelt på 41 tilsette. Herav er 7,5 i leiargruppa og tre merkantile stillingar. Familierettleiarane er prosjektorganisert og finansiert over tiltaksbudsjettet. Laget består av 7,5 stilling inkludert lagleiar (i tillegg til dei 29,5 årsverka)

Tilsyn i fosterheim er og organisert som del av tenesta med to fast tilsette tilsynspersonar og ein merkantil ressurs. Det er om lag 15 fagstillingar knytt til arbeid med melding og undersøkingar. Einingsleiar har personalansvar, økonomisk ansvar, og ansvar for den faglege kvaliteten i arbeidet. Vedtak om tvang, hasteflyttingar og omfattande vedtak knytt til økonomi skal godkjennast av einingsleiar.

Einingsleiar har leiarmøte med lagleiarane minimum annan kvar veke. ofte kvar veke, der faste punkt som personalsituasjonen, gjennomgang av nøkkeltal, økonomi og gjennomgang av meldte avvik. Han har også månadlege individuelle rettleiing med lagleiarane. Frå 2017 tilsette tenesta fagleiar med ansvar for planlegging av kompetanseheving og implementering av ny kunnskap, og er saman med einingsleiar ansvarleg for fagutviklinga i tenesta. Fagleiar/lagleiar for familierettleiarane er også fungerande leiar i einingsleiar sitt fråvær.

Lagleiarane på laga spe og små, barn og ungdom har saman med mottaksansvarleg ansvar for å gjennomføre meldingsmøte to gonger i veka og å ha fortløpande kontakt med mottaksansvarleg om saker må bli vurdert før møtet. Dei skal prioritere undersøkingar etter alvorsgrad dersom det er naudsynt, og skal sjå til at det blir laga undersøkingsplan som er i tråd med meldingsgjennomgangen, og at undersøkinga blir starta opp etter prioritering. Det ligg og til lagleiarane å følgje med på nøkkeltal, og følgje med på at saker blir undersøkt innan frist. Lagleiarane har mynde til å godkjenne undersøkingsrapportar, vedtak om tiltak etter barnevernlova med unntak av vedtak om tvang, og vedtak om å leggje bort undersøkingar utan tiltak. I tillegg skal har lagleiarane ansvar for å gjennomføre felles drøfting i laget kvar veke og individuell rettleiing til kontaktpersonane i sitt lag anna kvar veke. Der blir nøkkeltal for undersøkingsarbeidet i kvar sak gått igjennom. I tillegg blir saker drøfta, vurdert og justert i lagmøte. Dette er saker som lagleiar eller kontaktpersonane ønskjer å få drøfta og vurdert saman med laget. Vurderingane frå lagmøte skal dokumenterast i barnets journal. Ved gjennomgang av saker ser vi at dette blir gjort.

Kontaktpersonane har ansvar for å gjennomføre undersøkingar i samsvar med meldingsvurdering og tenesta sine rutinar. Dei deltek i lagmøte kvar veke, personalmøte, og får saksrettleiing i fellesdrøftingar i lagmøtet og individuell rettleiing av lagleiar. I tillegg får dei tilsette rettleiing av ekstern psykolog.

I 2020 fekk barnevernstenesta 456 meldingar, og våren 2021 fekk barnevernstenesta 247 meldingar. Barnevernstenesta gjennomførte 293 undersøkingar i 2020, der 59% vart lagt vekk utan tiltak, og 127 undersøkingar våren 2021, der 57% av undersøkingane vart lagt vekk utan tiltak. I 9% av undersøkingane våren 2021 blei det brukt meir enn tre månader. Landsgjennomsnitt for meldingar som blir lagt bort er ca. 18-19 % og for undersøkingar som blir lagt bort ca. 60-62 %.

I samband med tilsynet har vi gjennomgått 22 saksmapper om vald, seksuelle overgrep, høg konflikt, og bekymring for foreldra sitt rusbruk og/eller psykiske lidingar.

Kompetanse

Alle i leiargruppa, kontaktpersonar og rettleiarar har bachelorgrad, og mange har ei eller fleire vidareutdanningar. Tenesta har eit tiltaksapparat med familierettleiarar, miljøterapeut og kontaktpersonar som har spesialkompetanse på ulike felt. I Frå 2017 blei det tilsett fagleiar med ansvar for planlegging av kompetanseheving og implementering av ny kunnskap.

Brukarinvolvering

Leiinga gjev uttrykk for at dei ønskjer fleire tilbakemeldingar frå foreldre og barn. Barnevernstenesta har ikkje gjennomført brukarundersøking sidan 2017. Dei tilsette som jobbar med undersøking innhentar erfaring i enkeltsaker, men ikkje systematisk.

Barnevernstenesta sitt arbeid med undersøkingar

Førebuing, planlegging og gjennomføring av undersøkinga

Tenesta har skriftleg rutine for mottak og registrering av meldingar, gjennomgang og vurdering av meldingar, og iverksetting av undersøkingar. All kontakt inn til tenesta som omhandlar drøfting av melding skal formidlast til mottaksansvarleg. Mottaksansvarleg tek imot munnlege meldingar og dokumenterer og registrerer dei i fagprogrammet. Ho er også tilgjengeleg for drøfting om nokon vurderer å melde bekymring og ønskjer å drøfte saka først. Mottaksansvarleg sjekkar dagleg innkomne meldingar. Alle meldingar blir vurdert fortløpande for å sikre at akutte saker blir handtert raskt. Dersom meldinga tilseier at det ikkje kan vente til neste mottaksmøte kallar mottaksansvarleg inn til ekstra mottaksmøte.

Skriftlege meldingar blir registrert i fagprogrammet av merkantil. I saker om vald og overgrep skal barnevernstenesta gjera ei vurdering av barnets tryggleik, om politiet må bli orientert, og korleis familien/barn skal bli kontakta.

Barnevernstenesta skal alltid dokumentera kva vurderingar som ligg til grunn for å opne undersøking, eller legge bort ei bekymringsmelding utan å undersøke. I intervju og mappegjennomgang går det fram at nye meldingar blir gjennomgått og vurdert i meldingsmøte to gonger i veka. Alvorsgrad og behov for bistand/kompetanse skal bli vurdert ved gjennomgang av bekymringsmeldinga. I møtet blir det sjekka om barnet eller familien er kjent for barnevernstenesta frå før og meldinga blir vurdert opp mot informasjon frå tidlegare. Mottaksansvarleg innhentar ved behov meir informasjon frå meldar, og avklarande informasjon som til dømes kvar barnet bur. Dei vurderer også om meldinga fører til bekymring for søsken. Det blir då registrert melding på kvar av søskena.

I saker der det er bekymring for vald eller seksuelle overgrep, blir det gjort vurdering av risiko. Føremålet er å sikre ei rask vurdering og avklaring for å sikre barnets tryggleik uansett kor barnet bur eller er.

Dersom meldinga blir vurdert til å vera akutt og ein vurderer å setja i verk tvangstiltak, blir einingsleiar kontakta. Dersom tenesta må rykke ut akutt, skal det alltid vere to tilsette saman. I desse sakene skal tenesta gjere ei vurdering av sikkerheit for barn og tilsette, og eventuelt setje i verk tiltak for dette. Til dømes bistand frå politiet.

I meldingsgjennomgangen blir vurderingar av hastegrad og om det er bekymring for at barnet blir utsett for vald dokumentert, og det blir gitt ei bestilling til kontaktpersonen om korleis undersøkinga bør starte opp. Til dømes at kontaktpersonen bør snakke med barnet før foreldra, eller om undersøkinga skal starte med umeld heimebesøk. Ved undersøkingar i familiar med fleire barn i ulike alder, blir det vurdert om det skal vere kontaktpersonar frå ulike lag. Barnevernstenesta brukar Klemetsrudmodellen eller delar av den i saker som gjeld mistanke om vald eller overgrep.

Alle undersøkingar skal starte opp i tråd med interne fristar:

Kategori 1: svært alvorleg, vesentleg skadelidande/akutt – oppstart snarast og innan 24 timar.

Kategori 2: Alvorleg omsorgssvikt – oppstart seinast innan 10 dagar.

Kategori 3: Vurdering av behov for hjelpetiltak – oppstart seinast innan 21 dagar.

Kategori 4: Mindre alvorlege – oppstart seinast innan 4 veker, kan bli nedprioritert om anna ikkje er spesifisert.

Prioritering av hastekategori er utarbeida for å sikre at tenesta prioriterer riktig, for eksempel når en kontaktperson får flere undersøkingar så går det fram kva som skal prioriterast. Formålet er differensiering av alvor og hastegrad.

Alle sakene vi gjekk igjennom hadde skjema for meldingsgjennomgang, det det går fram at meldinga er vurdert opp mot aktuell bekymring, hastegrad, korleis saka skal starte opp, og informasjon frå tidlegare.

Det er bestemt at det skal lagast undersøkingsplan i alle undersøkingar. Planen skal vera eit verktøy for å sikra framdrift i forhold til fristar og informasjon til familien og andre samarbeidspartar om barnevernstenesta sitt arbeid. Det er kontaktpersonen som har ansvar for å starte undersøkinga i samsvar med fristane i meldingsgjennomgangsskjemaet, utarbeide undersøkingsplan, og å sørge for at oppgåver blir utført i tråd med bekymringa og gjennomgang av meldinga, slik at barnets omsorgssituasjon blir avklart. Kontaktpersonen har og ansvar for at undersøkinga blir avslutta innan frist. Vi fekk i intervju vite at kontaktpersonane opplever skjema for meldingsgjennomgangen som ei tydeleg bestilling på kva som skal undersøkjast. Dei opplevde det lett å vite korleis dei skal innrette undersøkinga og i kva grad det hasta å kome i gang med undersøkinga. Kontaktpersonane var også tydelege på at dei les seg opp på tidlegare meldingar og informasjon om barnet og familien før dei utarbeider undersøkingsplanen. Samtidig med utarbeiding av undersøkingsplanen, legg kontaktpersonen inn avtalane i kalenderen sin for slik å sikre at dei har tid til å gjennomføre undersøkinga som planlagt.

I første samtale får foreldra informasjon om bekymringsmeldinga, undersøkingsplanen blir gjennomgått og det blir avtalt datoar for til dømes barnesamtale, heimebesøk, observasjonar, og oppsummeringssamtale med foreldra. Barnevernstenesta informerer og om kva for instansar dei ønskjer å innhente informasjon frå, og foreldra blir bedt om å samtykke til innhenting av informasjon. Vi fekk i intervju informasjon om at det er kontaktpersonen som vurder korleis

familien skal bli orientert om undersøkinga. Dei fleste fortel at dei kontaktar familiane på telefon og tilbyr samtale hos barnevernstenesta same dag, eller på eit tidspunkt som passar familien. Kontaktpersonen ferdigstiller undersøkningsplanen etter samtalen med familien og oppdaterer eigen kalender med avtalane i tråd med planen.

Alle sakene vi gjekk gjennom hadde undersøkningsplan med oversikt over planlagt aktivitet i undersøkinga. I skriftleg rutine for gjennomføring av undersøking går det fram at tenesta skal gjennomføre ei midtvegsevaluering. Den skal avklare om det er noko meir som skal kartleggast, om undersøkinga må utvidast til å omfatte andre forhold og om det er grunnlag for å utvide fristen for undersøkinga.

Kontaktpersonen som har ansvar for undersøkinga drøftar midtvegsevalueringa i lagdrøft eller individuelt saman med lagleiar.

Kvar andre veke har lagleiar individuell rettleiing med kontaktpersonane, der alle sakene blir gjennomgått. Status i saka, fristar, framdrift i undersøkinga, kva barnet har fortalt og eventuelle utfordringar i arbeidet blir tatt opp her. Både tilsette og lagleiarar formidla i intervju at lagleiar er tilgjengeleg for kontaktpersonane om dei treng å drøfte eller avklare noko mellom oppsett rettleiingstid.

Kvar veke er det lagmøte, der nye undersøkingar blir fordelt og saker blir drøfta. Både kontaktpersonar og lagleiar kan ta opp saker i møtet. Vi fekk i intervju vite at dei tilsette opplevde lagdrøftinga som eit godt fora til å ta opp saker til drøfting, og at ein aldri sit åleine med avgjerder og vurderingar i sakene. Dei tilsette brukte også kvarandre om dei hadde behov for å drøfte ei sak eller for å sjekke ut med andre på kontoret med meir kompetanse på det aktuelle temaet.

Kontaktpersonen har ansvar for å halde lagleiar oppdatert på framdrift av undersøkinga. Ved mogleg fristbrot eller behov for å utvide undersøkinga, skal dette takast opp med lagleiar. Der det blir bestemt å utvide undersøkinga skal det skrivast brev med kortfatta og konkret framstilling av kva med saka som gjer undersøkinga særst omfattande og tidkrevjande. Kopi av brevet skal sendast Statsforvaltaren ved innsending av fristskjema for aktuell undersøking. Det skal meldast avvik ved fristbrot. Lagleiar etterspør framdrift i den individuelle drøftinga annankvar veke.

Statsforvaltaren har i perioden juli 2020 til juni 2021 motteke informasjon om at barnevernstenesta har utvida sju undersøkingar. Ingen av utvidingane er godkjente. Vi har ikkje motteke kopi av breva om utviding av fristen for desse undersøkingane.

I alle saker der bekymringa for eit barn aukar og det er behov for å vurdere hasteflytting eller å fremje sak for fylkesnemnda, blir det kalla inn til eit drøftingsmøte der kontaktperson, lagleiar og barnevernsleiar deltek. Det er barnevernsleiar som tek avgjerd om hasteflytting eller behov for tvangsvedtak, men han gjer det etter drøfting med lagleiar og kontaktperson som kjenner saka.

Barns rett til å medverke

Ein vesentleg del av informasjonsgrunnlaget i ei undersøking er samtalar med barn. I følge barnevernstenesta sin rutine skal barn som hovudregel bli snakka med i undersøkinga. I saker der barn ikkje blir snakka med, skal det gå fram kva for vurderingar som ligg til grunn for dette og det skal dokumenterast i fagsystemet kvifor det er best å ikkje snakke med barnet. Gjennom

barnesamtalen skal det skapast rom for at barnet si oppleving av eigen situasjon kjem fram. Barnet skal også få informasjon om undersøkinga og kva som er barnevernstenesta si oppgåve. I intervju går det fram at alle er kjent med dette.

I dei 22 sakene vi har gått igjennom er det dokumenter at det er gjennomført samtalar med barn om bekymringa og undersøkinga i 21 av 22 saker. Der det ikkje var snakka med barnet, gjekk det fram av dokumentasjonen at årsaka til dette var barnets alder. I dei aller fleste sakene var det snakka med barnet fleire gonger, både i starten av undersøkinga, undervegs og før konklusjon av undersøkinga. Samtalane er gjennomført med barnet åleine, eller saman med ein trygg person for barnet som lærar, helsesjukepleiar eller foreldra. Vi ser at barnevernstenesta nokon gonger reiser på heimebesøk der formålet er å bli kjent med barnet og familien, og for å bidra til at dei ved neste møte kan snakke trygt når barnevernstenesta skal snakke med barnet om innhaldet i meldinga.

Saksgjennomgangen viser at barna får informasjon om kva bekymringsmeldinga inneheld, kva som er barnevernstenesta si oppgåve, kvifor barnevernstenesta ønskjer kontakt med barnet, føremålet med samtalen, og informasjon om kva barnet har sagt om bekymringa. Der barnet bekreftar innhaldet i meldinga, kan vi sjå at barnevernstenesta har brukt informasjonen frå barnet i det vidare arbeidet, og i oppsummeringa av saka. I fleire saker går det og fram at det er avklart med barnet korleis informasjonen frå barnet blir brukt, det er avklart med barnet kven som får vite kva barnet fortel, og eventuelt når informasjon frå samtalen med barnet blir delt med andre. Saksgjennomgangen viser at barnevernstenesta i dei fleste sakene har hatt kontakt med barnet gjennom heile undersøkinga. Det er likevel berre unntaksvis at barnevernstenesta ved avslutning av undersøkinga snakkar med barnet om kva dei meiner om tiltaka barnevernet forslår.

I intervju får vi forklart at tenesta har auka fokus på barnet si stemme, medverknad, det å møte barnet med kjærleik, samt vera bevisste språket i barnevernet. I 2018-2019 deltok heile tenesta i RVTS sitt kompetansehevingsprogram Avdekking- kva så? Ein del av programmet var at alle tilsette deltok i eigne grupper for opplæring i barnesamtalar. To tilsette fekk opplæring i å driva slike grupper vidare. Ei gruppe var i gong då Covid-19 kom, og vil starta opp att så snart det er mogleg.

I meldingsgjennomgangen vurderer meldingsmøtet om undersøkinga bør starte med samtale med barn, til dømes i undersøkingar om mistanke om vald og overgrep. Kontaktpersonen har ansvar for å vurdere korleis barnesamtalen skal gjennomførast på ein slik måte at barnet trygt kan fortelje om eigen situasjon. I saker der barnesamtalen kjem etter kontakt med foreldra, blir det ofte gjennomført heimebesøk for å møte barna og bli kjent, før det blir avtalt tidspunkt for barnesamtalen. Barnevernstenesta informerer barnet at det kan ha med seg ein tillitsperson i samtalen, til dømes kontaktlærar eller helsesjukepleiar.

Både kontaktpersonane og lagleiarane formidla i intervju at det skal gjennomførast barnesamtalar i alle undersøkingar, så mange samtalar som er nødvendig. Barnevernstenesta nyttar i nokre barnesamtalar mal for barnesamtale, der det går fram kva som er formålet med samtalen, kva som er snakka om i samtalen og barnevernstenestas vurderingar etter samtalen. I nokre saker som gjeld vald eller overgrep, går det også fram at barnevernstenesta har snakka med barnet om korleis informasjonen frå barnet blir brukt vidare i undersøkinga og kven barnevernstenesta kan dele informasjonen med. Barnet skal både få informasjon om bekymringa, og få uttale seg om eigen situasjon, få informasjon undervegs i undersøkinga og før konklusjon av undersøkinga.

Lagleiar spør kontaktpersonane om barnet er snakka med i undersøkinga, og kva barnet meiner om eigen situasjon. Barnets mening blir også etterspurt når saka blir drøfta i lagmøta, både av lagleiar og dei andre kontaktpersonane.

Informasjon til barn og foreldre og samtykke til å innhente informasjon i undersøkinga

Ein del av informasjonsgrunnlaget i ei undersøking, er informasjon frå instansar rundt barn og foreldre som til dømes helsestasjon, og skule. Ifølge kommunens rutinar for innhenting av informasjon skal barnevernstenesta som hovudregel be foreldra om samtykke til innhenting av opplysningar. Då skal ein nytte skjema «samtykke til innhenting av informasjon». Dei skal informere om kven barnevernet vil kontakte og kva for opplysningar de vil be om. Videre skal foreldra informerast om at barnevernet kan innhente opplysningar ved pålegg. Der foreldra ikkje samtykker til informasjon, vil kontaktpersonen informere foreldra om at barnevernstenesta kan innhente informasjon utan samtykke frå foreldra, men at kontaktpersonen vil drøfte dette med lagleiar. Etter å ha drøfta med lagleiar og vurdert om det skal innhentast informasjon utan samtykke frå foreldra, vil kontaktpersonen informere foreldra om kva som er bestemt. I intervju fekk vi vite at foreldra stort sett alltid samtykker til innhenting av informasjon.

Tenesta har skriftleg rutine for fyrstegongs samtale i undersøkinga. Her går det fram at foreldra skal informerast om korleis barnevernet jobbar. Kva for informasjon foreldra faktisk får i samtalen er i nokon saker gjengjeve i journalnotat. Tenesta brukar i liten grad møtereferat. Frå intervju med de tilsette har vi opplysningar om at foreldra som regel får munnleg informasjon om saksgang og rettar, og at informasjonen som blir gitt er relevant og tilpassa den enkelte sak. Vi har også fått opplysningar om at tenesta ved behov bruker tolk.

I første samtale med foreldra går kontaktpersonen gjennom meldinga og gjev dei moglegheit til å kommentere innhaldet i meldinga. Kontaktpersonen skal også gje foreldra informasjon om rettigheter, om korleis barnevernstenesta jobbar og gå gjennom undersøkingsplanen og avtale datoar. I samtalen blir det også gitt informasjon til foreldra om innhenting av informasjon frå andre, og foreldra gjev skriftleg eller munnleg samtykke til innhenting av informasjon frå aktuelle instansar. Vi fekk i intervju vite at kontaktpersonane informerer foreldre om kva instansar barnevernstenesta vurderer er aktuelle å innhente informasjon frå. Foreldra får også munnleg informasjon om kva barnevernstenesta vil innhente informasjon om, men det blir ikkje dokumentert.

I vår saksgjennomgang er det dokumentert at foreldra har fått informasjon om innhenting av opplysningar. Foreldra har i dei aller fleste sakene underteikna eit samtykkeskjema der dei har kryssa av på ei liste at barnevernstenesta til dømes kan innhenta opplysningar frå skule eller barnehage. Det går ikkje fram av samtykket kva for informasjon barnevernstenesta skal hente inn, eller om samtykket gjeld for ein avgrensa periode. I intervju får vi informasjon om at kontaktpersonen alltid snakkar med foreldre om kva det skal innhenta informasjon om, og at dette som regel blir dokumentert i journalnotat.

Gjennomgang av journalsystem bekreftar dette.

Vi har ikkje fått skriftleg rutine frå kommunen som gjer greie for kven som har ansvar å ta stilling til kven av foreldra som skal ha status som part i den enkelte undersøkinga, og sørge for at partane får informasjon om kva for rettar detter utløyser.

Saksgjennomgangen viser i nokon saker at den forelderen som barnet ikkje bur fast saman med blir inkludert i undersøkinga. I dei tilfella der samværsforelderen ikkje er inkludert i undersøkinga, er det ikkje grunngjeve og dokumentert kvifor. I intervju kom det fram ulike synspunkt på om ei undersøking alltid skal omfatte begge foreldre sine heimar for å avklare barnets omsorgssituasjon. Nokon meinte at innhaldet i meldinga var avgjerande, til dømes om meldinga handla om mors omsorgsevne så var det ikkje naudsynt å inkludere far i undersøkinga. Andre gav uttrykk for at ein alltid skulle informere og inkludere begge foreldra i undersøkinga.

Barn over 15 år har eigne partsrettar i barnevernets undersøking. I saksgjennomgangen fann vi ingen skriftlege samtykker frå barn, sjølv om både barnets alder og det bekymringa omhandla, tilsa at det kunne være nødvendig. Det kom fram av journalnotat at fleire var munnleg orientert om at det blei innhenta informasjon, og i intervju fekk vi forklart at barn fekk slik informasjon, men ikkje at det var rutine å spørje om samtykke.

Kontradiksjon – partanes rett til å uttale seg, gjere seg kjend med og eventuelt seie imot opplysningar

Praksis er at kontaktpersonen munnleg informerer og gjennomgår innkomen informasjon frå andre instansar med foreldra.

Barnevernet har innhenta opplysningar i alle sakene vi har gjennomgått. Det går ikkje fram at foreldre har fått tilsendt kopi av innhenta opplysningar undervegs i undersøkinga i nokon av dei 22 undersøkingane. Kontaktpersonane fortalde at det hender at de vidaresender innhenta opplysningar til foreldra om dei ber om det, eller at foreldra får med seg kopier i møter med barnevernet. Inntrykket er at praksis på dette området er variabel, men at foreldra i dei fleste sakene får informasjon om kva for tilbakemeldingar barnevernstenesta har fått frå andre. I nokon av sakene kan vi sjå av journalnotat at barnevernstenesta har gjennomgått innhenta opplysningar i møte med foreldra og at foreldra sine kommentarar til opplysningane er dokumentert.

Tilsette fortel at det ikkje blir sendt ut referat frå samtaler med foreldra. Saksgjennomgangen bekreftar dette. I saksutvalet på 22 saker finner vi ingen døme på at referat frå heimebesøk og samtaler er sendt ut til foreldra. Vi får forklart at opplysningar frå til dømes heimebesøk eller samtalar på kontoret blir dokumentert i journalnotat, og at foreldra får kopi av desse om dei ber om det. Vi får vite at dei sjeldan ber om dette. Vidare får vi informasjon om at foreldra blir innkalla til eit avsluttande møte for gjennomgang av undersøkingsrapporten der blant anna innhenta opplysningar blir gjennomgått, og dei får anledning til uttale seg. Frå intervju med tilsette får vi opplysningar om at det er lagt opp til at kontaktpersonen både skal ta initiativ til eit møte for å gjennomgå innhenta opplysningar med foreldra, og seinare ein oppsummeringssamtale der barneverntenesta legg fram sine vurderingar og evt. forslag til tiltak. Lærarar og kontaktpersonar meiner at foreldra på denne måten får anledning til å korrigere faktum i samtalar, i tillegg til at faktum går fram av undersøkingsrapporten.

Barneverntenesta har gjennomført møte for oppsummering og konklusjon i dei fleste sakene. Der det ikkje er gjennomført går det fram av journalnotat at det er fordi foreldra ikkje har ønska dette og har bedt om at undersøkingsrapporten og vedtaket blir sendt til dei. I vår saksgjennomgang er det saker der barneverntenesta har dokumentert at barn har fått

informasjon om barnevernstenesta sine vurderingar før undersøkinga blir avslutta. Det er likevel få saker der det går fram om barnet eller foreldra har uttalt seg om forslag til hjelpetiltak før undersøkinga er avslutta og om det eventuelt er tatt omsyn til familien sine meiningar.

Undersøkingar - prosessar knytt til avgjerder og vurderingar

Vi har gått igjennom 22 saksmapper knytt til undersøkingar om vald og overgrep.

I intervju får vi vite at leiinga arbeider for at midtvegsevaluering skal gjennomførast rutinemessig og meir systematisk enn i dag, altså at det alltid er eit stoppunkt midt i undersøkingar. Føremålet er å sikre at undersøkinga blir evaluert og justert i tråd med informasjonen i saka. I vår gjennomgang av saker ser vi at det er eit eller fleire stoppunkt i dei fleste undersøkingane. Justeringar av undersøkingar blir drøfta lagmøte eller med lagleiar, og det blir laga notat frå denne drøftinga som ligg i barnets journal. I desse notata går det til dømes fram informasjon om framdrifta i saka, korleis opplysningar blir vurdert og om det er behov for å innhente meir informasjon, eller om undersøkinga må justerast på annan måte.

I intervju får vi vite at barnefaglege vurderingar og avgjerder om undersøkinga skal vere forankra i lagmøte eller med lagleiar. Dersom det er grunn til å vurdere å fremme sak om omsorgsovertaking eller hasteavgjerder blir barnevernsleiar kopla på saka. Ut frå vår saksgjennomgang ser vi at kontaktperson følgjer opp og justerer arbeidet i undersøkingane i tråd med vurderingane som er gjort i lagmøte. Vi ser òg at det i dei fleste sakane er stoppunkt med foreldre og barn der dei får vite kva for informasjon barnevernstenesta har fått, og korleis denne blir vurdert. I fleire saker går det fram kva foreldre og nokre gonger barn meiner om informasjonen, og dette blir notert i saka. I dei fleste sakene er det tett oppfølging av både foreldre og barn, særleg i starten av undersøkinga.

I fleire saker blir det innhenta opplysningar som gir grunn til auka bekymring for barnet. Vi ser at dette i stor grad blir følgt opp i tråd med drøftingane i lagmøte. Det er kontaktpersonen som har ansvar for å dokumentere dette i den enkelte sak. I ei undersøkingssak kjem det inn nye bekymringar for barn som ikkje blir følgt opp og undersøkt sjølv om informasjonen er alvorleg. Dette er informasjon om at barnets omsorgsperson er mykje borte frå barnet, opptrer ustabil og kan vere aggressiv. I denne saka kjem det inn fleire meldingar som ikkje blir følgt opp, men etter nokre månader kjem det inn bekymringsmelding og barnevernstenesta opnar ny undersøkingssak. Dette er om lag seks månader etter at saka blei lagt bort utan tiltak. Når ny undersøking blir iverksett på nytt blir barnets omsorgssituasjon og innhaldet i både den nye og dei tidlegare bekymringsmeldingane undersøkt og avklara, og barnet får tiltak frå barnevernstenesta.

Undersøkingar skal oppsummerast og ha ein forsvarleg konklusjon i samsvar med informasjonen i saka og barnets beste. I følge barnevernstenesta sin rutine skal det lagast undersøkingssak i alle saker. Rapporten skal innehalde informasjon om meldinga, tidlegare kontakt med familien og vurderingar som blei gjort før konklusjon av meldinga. Vidare skal det gå fram i rapporten kva som er gjort undervegs i undersøkinga, kva barnet og foreldra meiner, informasjon frå andre og dei vurderingane barnevernstenesta gjer av barnets omsorgssituasjon ut frå bekymringa i meldinga. Det er kontaktpersonen som utarbeider undersøkingssak, før den blir sendt til lagleiar for gjennomgang og kvalitetssikring. Det er kontaktpersonen som har ansvar for å gjennomgå rapporten med familien, og sende ut rapporten.

Saksgjennomgangen viser at nesten alle sakene har sluttrapport, og i dei fleste går det fram kva for informasjon rapporten byggjer på og barnets mening går fram i vurdering og konklusjon. I

nokre sluttrapportar er det gjort greie for tidlegare kontakt med familien, men informasjonen frå tidlegare kontakt bli i nokre få saker ikkje vurdert opp mot informasjonen og arbeidet i den nye undersøkinga. I desse sakene ser vi at tidlegare kontakt med familien ikkje er teke med i vurderinga av bekymringa og barnets noverande situasjon, sjølv om problematikk og bekymring i stor grad er den same. Døme på dette er ei sak der det tidlegare var alvorleg bekymring for foreldra sine rusvanskar, omsorgsutøving, sinneproblematikk og alvorlege psykiske vanskar. Når det blei opna ny undersøking i saka med same bekymring som tidlegare, går det ikkje fram om eller korleis dette er vurdert i oppstarten av saka. Det går i denne saka heller ikkje fram at det påverkar barnevernstenesta sine vurderingar knytt til risiko. Det går vidare fram at barnevernstenesta i denne saka foreslår same tiltak som før, utan at dette blir problematisert. Det betyr at det er informasjon i saka som skulle påverka vurderinga av alvoret for barnet ved gjennomgang av meldinga, i justering av undersøking undervegs i saka og i oppsummeringa. Det betyr at det i nokre saker ikkje er gjort vurderingar av om-, eller på kva måte informasjon frå tidlegare kan påverke barnets aktuelle situasjon, og at dette ikkje er fanga opp av leiinga. I dei fleste sakene blir undersøkingar gjennomført på ein måte som er tilpassa bekymringa og undersøkinga avklarar barns omsorgssituasjon. I fleire saker har det tidlegare vore undersøkingar om same tema, men vi ser at når barnevernstenesta undersøker saka på nytt i 2020 eller 2021 blir barnets omsorgssituasjon avklara og tilpassa tiltak iverksett raskt.

Vi ser at barnevernstenesta i saker om vald og høg konflikt raskt går i gang og sikrar barn. Det blir gjort vurderingar knytt til framgangsmåte, det blir oppretta kontakt med politi, og vurdert og iverksett tryggingstiltak både før kontakt med familien, og etter at kontakt er etablert på bakgrunn av informasjonen barn og foreldre gir.

Vedtak om tiltak

Konklusjon på undersøkinga og vurderingar knytt til konklusjonen skal komme fram i vedtak om avslutning av undersøkinga. Det er gjort vedtak i alle sakene vi har gått igjennom. I fleire av vedtaka er det manglar ved at det ikkje går fram korleis informasjon om og frå barnet er vurdert opp mot annan informasjon. Dette gjeld også vurdering av barnets beste. Fleire av vedtaka mangla og informasjon om kva for hjelp barnet sjølv fortalde det hadde behov for. Når vi les undersøkingsrapportane finner vi informasjon om dette.

I intervju fekk vi vite at nokre kontaktpersonar går gjennom undersøkingsrapporten og vedtaket med foreldra før undersøkinga er ferdig stilt. Andre gonger sender dei ut vedtak og undersøkingsrapport i etterkant av at undersøkinga er ferdig. Men innhaldet i undersøkingsrapport og vedtak skal vere kjent for foreldra før undersøkinga blir konkludert, ved at kontaktpersonen har informert foreldra og gjennomgått kva som er gjort i undersøkinga og kva som er barnevernstenesta sine vurderingar og konklusjon. Vi fekk vite at det tidvis er utfordringar med å få skrive undersøkingsrapporten samtidig med vedtak og tiltaksplan, og at i nokre saker går det tid før undersøkingsrapporten og vedtak blir sendt til foreldra.

Informasjon om koronasituasjonen sin påverknad av arbeidet

Leiinga og dei tilsette fortel at dei har oppretthaldt tilnærma normal drift gjennom pandemien, sjølv om belastninga på dei tilsette har blitt større på grunn av smittevern. Det har vore tett kontakt med kommunelegen om smittevern og risikovurderingar knytt til tenester for barn og familiar.

Barnevernstenesta vurderte tidleg at det kunne få store konsekvensar for barn og familiar om tenesta ikkje var operative då mange av dei andre samarbeidspartane som skule og helsestasjon var stengt. I byrjinga var nokre tilsette på heimekontor, men tilsette i barnevernstenesta har

stort sett jobba som normalt med nokre tilpassingar som til dømes heimekontor for nokre tilsette og bruk av digitale møter. Det er gjennomført heimebesøk, samvær og møter med barn og familiar. Deler av undersøkingsarbeidet har i periodar blitt påverka på grunn av andre tenester sine tiltak. Døme på dette er tilrettelegging av samtalar på skule eller barnehage, og å få svar på innhenting av opplysningar frå andre instansar til rett tid.

I saksgjennomgangen finner vi at aktivitet knytt til undersøkingane har blitt gjennomført til tross for pandemien, og at undersøkingane har blitt gjennomført, med nokon unntak, innanfor fristen på tre månader.

Kommunen gjennomførte ei kartlegging i juni 2021 knytt til verknader av pandemien for tilsette og brukarar av kommunen sine tenester og tilbod. Det viste seg at dei som har hatt det vanskeleg fekk det verre, og at dei som har det bra har hatt det greitt også under pandemien.

Statsforvaltaren sine samtalar med barn og foreldre

Som del av tilsynet har vi snakka med familiar der det er gjennomført undersøkingar i 2020 og 2021. Vi har snakka med to barn og foreldre til 14 barn. Familiene vi snakka med er ikkje valt ut frå dei same kriteria som saksmappene vi har gått igjennom.

Foreldra fortel at dei underteikna samtykke til å innhente informasjon, at dei veit kven det blei innhenta informasjon frå, men fleire gjev uttrykk for at dei ikkje veit kva det er innhenta informasjon om. Fleire fortel at dei ikkje har vist kva informasjon barnevernstenesta har fått, eller korleis denne er forstått før etter at undersøkinga er konkludert. Fleire gav uttrykk for at dei ikkje fekk sjå undersøkingsrapporten før den var ferdig, og at dei ikkje fekk gi uttrykk for om informasjonen som var innhenta var rett forstått. Fleire gav uttrykk for at barnevernstenesta skulle ha sjekka ut om dei hadde forstått informasjonen rett, og fått foreldra sitt syn på informasjonen som var innhenta frå andre. Andre gav uttrykk for at dei fekk for lite informasjon undervegs i undersøkinga. Dei meinte at det var viktig at barnevernstenesta alltid sørger for tett dialog under heile undersøkinga, også der det ikkje er noko nytt i saka, slik at føresette ikkje treng å gå å lure på kva som skjer. Til dømes er det vist til at barnevernstenesta hadde utarbeida undersøkingsplan, men planen blei ikkje følgt. Fleire gjev uttrykk for at det har svekka tilliten til barnevernstenesta, at dei føler seg usikre, og at dei i ein periode mista litt kontrollen over eige liv.

Andre opplevde at barna ikkje fekk god informasjon om deira rettigheter eller korleis barnet skulle delta i undersøkinga. Eit resultat av dette var at barnet ikkje ønska å delta, fordi barnet opplevde at barnevernstenesta ikkje brydde seg.

Andre fortel om undersøkinga som ei positiv oppleving, og at dei har fått god støtte og oppfølging frå barnevernstenesta. Døme på dette er foreldre som opplevde at dei urettmessig blei sendt til barnevernet, og at barnevernet raskt fekk avklart bekymringa. Eit barn fortel om god hjelp frå kontaktpersonen, og at det var trygt å snakke med barnevernstenesta om vanskelege tema. Eit anna døme er foreldre som opplever at barnevernstenesta gav god støtte i ein krevjande livssituasjon, dei kunne til dømes ringe dersom dei trengte råd og rettleiing. Vi fekk vite at fleire fekk god informasjon om kva som var gjort av arbeid i saka, dei blei informert om kven barnevernstenesta skulle snakke med, og dei fekk vite korleis barnevernstenesta vurderte informasjonen frå dei. Fleire foreldre fortalte at dei har fått tilbakemelding og referat frå barnevernstenesta, og barnevernstenesta i møte med alle involverte instansar hadde gitt ei oppsummering om planen vidare/kva for hjelp foreldre og barn skulle få.

Leiinga si oppfølging og kontroll av arbeidet i undersøkingar - kvalitetssikring

Einingsleiar har det overordna ansvaret for kvaliteten i arbeidet med undersøkingar. Einingsleiar har kvar månad fast samhandling med kommunalsjef og rapporterer nøkkeltal. Nøkkeltal og informasjon om flytting av barn ut av heimen blir jamlege delt med samarbeidskommunane. Det er kommunalsjef som orienterer kommunestyret om barnevernstenesta, og som kallar inn einingsleiar ved behov.

Einingsleiar held seg oppdatert på kvalitet og framdrift i undersøkingane ved å få løypande oppdatering frå lagleiarane. Det er lagleiarane som følgjer med på nøkkeltal kvar veke, og lagleiarane rapporterer til einingsleiar. Ved fristbrot blir einingsleiar orientert, og lagleiar må forklara årsaka til fristbrotet.

Einingsleiar har faste møter med lagleiarane. Organiseringa til tenesta er valt for å redusera brot for barnet og familien til kontaktperson, gje lagleiarane betre tid til å rettleie sitt lag individuelt og samla, samt å spesialisere lag ved å auke kompetansen til spe- og små og ungdom.

Det er einingsleiar som tek avgjerd om hasteflytting eller behov for tvangsvedtak, etter drøfting med lagleiar og kontaktperson som kjenner saka.

Den enkelte kontaktpersonen tek viktige avgjerder på eiga hand, til dømes korleis forstå informasjonen frå samtale med barn, og kva informasjonen har å seie for det vidare arbeidet i undersøkinga. Dei skal også analysere informasjonen og sjå den i samanheng. Tilsette får hjelp til dette ved at dei har fast rettleiing både individuelt og i lagmøte, der kvar sak blir gjennomgått og diskutert. Vi får skildra at lagleiar er tett på kontaktpersonane, og at lagleiarane har faste treffpunkt der leiar deltek, også ved drøfting av saker. På den måten følger einingsleiar systematisk med på at kvaliteten i undersøkingane er i samsvar med lovkrav. Einingsleiar blir involvert i enkeltsaker om tvang, eller andre alvorlege eller komplekse saker. Desse skal avklarast og diskuterast med leiar. I tillegg tar barnevernsleiar stikkprøver, lesar innimellom bekymringsmeldingar og følgjer med på nøkkeltal.

Leiinga er kjent med at dei i periodar ikkje har gjennomført undersøkinga innan frist og at undersøkingssrapportar og vedtak ikkje alltid er ferdig til rett tid. Leiinga har derfor utarbeida interne fristar med ulik prioritering av hastekategori for å sikre differensiering av alvor og hastegrad.

Gjennom intervju fekk vi vite at barnevernstenesta vurderer at dei må bli betre på analyse og vurderingar, og dei har bestemt å ha dette som fokusområde i arbeidet i tenestestøtte.

4. Vurdering av faktagrunnlaget opp mot aktuelt lovgrunnlag

Statsforvaltaren vurderer at barnevernstenesta avklarar meldingar innanfor frist på ei veke, og gjer naudsynte akuttvurderingar der det er aktuelt. Vidare finn vi det dokumentert at tidlegare kjennskap og informasjon om familien tas med i meldingsavklaringa samt vurderingar om søsken skal inkluderas i undersøkinga. I alle dei 22 gjennomgåtte sakene låg det meldingsavklarings skjema. I skjema gjekk det fram kva som skulle undersøkast, og det samsvara med alvoret i meldinga.

På bakgrunn av den informasjonen som kom fram i tilsynet meiner vi at barnevernstenesta ved å følgje rutinen dei har for mottak og avklaring av melding, og oppstart av undersøkingar, arbeider på ein systematisk måte i planlegging og førebuing av undersøkingane.

Kategoriseringa mottaksteamet gjer ved overgang til undersøking gjev ei retning på oppstart av undersøkinga og ein minimumsstandard av kva for aktivitetar undersøkinga skal innehalde. Ved saker som gjeld vald og overgrep følger tenesta Klementsrudmodellen, der blant anna oppstart av undersøkinga er annleis enn i andre saker. Dette bidrar til at oppstarten av undersøkinga blir oversikteleg for foreldre og for barn. Vi meiner at barneverntenesta sitt arbeid er i tråd med kravet til forsvarlege tenester i barnevernslova, som krev at barnevernstenesta sitt arbeid skal vera systematisk.

Undersøkingar – innhenting av informasjon/faktagrunnlag

Målet med barnevernstenesta sine undersøkingar er å avklare barnets omsorgssituasjon opp mot bekymringa i saka innan rimeleg tid, slik at barnet blir sikra forsvarleg omsorg og riktig hjelp til rett tid. Statsforvaltaren vurderer at barnevernstenesta sine rutinar for kvalitetssikring og framdrift i undersøkinga samsvarar med tenesta sin praksis slik den blei skildra i intervjuet og vi fant i vår saksgjennomgang. Dei tilsette er godt kjent med ansvarsdelinga og systematikken i undersøkinga og formålet med denne. I alle dei 22 saksmappene vi har gjennomgått er meldingsgjennomgangen journalført, og det er oppretta undersøkingsplan i alle sakene. Det går fram kva som skal undersøkast, og det er samsvar mellom meldingsgjennomgangen, undersøkingsplanen og gjennomføring av undersøkinga. I nokon saker ser vi likevel at framdrifta i sakene som tenesta sjølv har satt i kategori 2 – oppstart innan 10 dagar, kjem for seint i gang, sjølv om innhaldet er meldinga gjeld vald og barnets omsorgssituasjon ikkje er klarlagt. Vi ser at dette i nokon saker har ført til at undersøkingane har gått over frist, og i nokre få saker ser vi at kort tid har ført til at undersøkinga ikkje har hatt nødvendig omfang og framdrift for å sikre forsvarleg vurdering av barns omsorgssituasjon.

Vi meiner likevel at dette skjer unntaksvis, og at undersøkingar i hovudsak blir gjennomført systematisk og på en måte som avklarar barns omsorgssituasjon. Vi legg vekt på at aktivitetane i dei fleste sakene er tilpasse den aktuelle undersøkinga, til dømes kven det skal innhentast informasjon frå, gjennomføring av heimebesøk og observasjonar, og at informasjon blir følgt opp og vurdert undervegs. Det blir òg gjort nødvendige justeringar undervegs i undersøkingar. Vi ser at det blir snakka med barn i nesten alle undersøkingar, og at barn blir snakka med fleire gonger om det saka gjeld.

Tilsette som arbeider med undersøkingar må ha god kunnskap om dei grunnleggande krav til rettstryggleik for partane. Barnevernstenesta sine undersøkingar er eit område av stor betydning for folk si velferd og med stort rom for skjønn. Ivaretaking av rettstryggleiken er av den grunn særleg viktig, og det skal ikkje vere opp til tilfeldigheit eller enkeltpersonar sin innsats at barn og vaksne får ivaretatt sine rettar. Vi har fått opplysningar om at foreldre får ivaretatt sin rett til kontradiksjon ved at informasjonen blir lagt fram i møter, blir munnleg formidla og at foreldra får kopi av opplysningane om dei ønskjer det.

Vi meiner tilsynet har vist at det ofte blir opp til den einskilde kontaktperson om og på kva måte foreldre får vite kva informasjon barnevernstenesta har, og dei får gitt sin vurdering tilbake til barnevernstenesta. Vi meiner leiinga i større grad må sikre at det er gode rutinar for dette, og at leiinga har rutinar for å følgje med på at praksis er i tråd med lovkrav. Til tross for at vi meiner

dette er eit sårbart område, så har vår gjennomgang av saksmapper, samtaler med familiar og intervju av tilsette vist at foreldre i dei fleste sakene får ivaretatt sin rett til kontradiksjon i tråd med lovkrav slik at korrekt faktum blir lagt til grunn i den enkelte undersøking.

Det er ikkje eit krav at samtykke til å innhente informasjon skal vere skriftleg. Foreldra har i dei aller fleste sakene undertekna eit samtykkeskjema der dei har kryssa av på ei liste at barnevernstenesta til dømes kan innhenta opplysningar frå skule eller barnehage. Vi meiner at malen for samtykke til innhenting av opplysningar manglar informasjon om kva tenesta skal innhente opplysningar om, og for kva periode samtykke gjeld. Sjølv om det ikkje er eit lovkrav at samtykke skal vere skriftleg, meiner vi at når tenesta bruker skriftleg samtykke bør det også gå fram kva samtykke gjeld. Vår vurdering er likevel at tenesta sin praksis er i tråd med lovkrav fordi det går fram av intervju og skriftlege referat frå samtalar med foreldre i dei fleste sakene, at dei får informasjon om kva for informasjon barnevernstenesta vil be om, og årsaka til dette. Vi ser òg at innhenta opplysningar blir sendt til foreldra om dei ber om det, eller foreldra får med seg kopiar i møte med barnevernet. Det er ikkje klart for alle kontaktpersonane om krav om innsyn også omfattar journalnotat.

Under tilsynet blei det ikkje lagt fram skriftleg rutine frå kommunen som gjer greie for kven som har ansvar å ta stilling til kven av foreldra som skal ha status som part i den enkelte undersøkinga, og sørge for at partane får informasjon om kva for rettar dette utløyser. Dette er særleg relevant når foreldre har del i foreldreansvaret, men ikkje bur saman med barnet. Foreldre som ikkje har foreldreansvar skal også informerast om undersøkinga, og få anledning til å gje opplysningar og komme med synspunkt.

I saksgjennomgangen er det få saker der partsrettar er dokumentert. Vi fann også få saker der det var dokumentert at tenesta hadde sikra at alle barn over 15 år får ivareteke sine partsrettar i undersøkinga. Under dette om det blir innhenta samtykke frå barn over 15 år til innhenting av opplysningar.

Saksgjennomgangen viser at det varierer om foreldre som barnet ikkje bur med blir inkludert i undersøkinga. I dei tilfella der samværsforelderen ikkje er inkludert i undersøkinga, er det ikkje grunngeve og dokumentert kva som ligg til grunn for dette. I intervju kom det fram ulike synspunkt på om ei undersøking alltid skal omfatte begge heimar eller om undersøkinga berre gjeld den barnet bur hos. Nokon meinte at innhaldet i meldinga var avgjerande, til dømes om meldinga handla om mors omsorgsevne så var det ikkje naudsynt å inkludere far i undersøkinga. Andre gav uttrykk for at ein alltid skulle informere og inkludere begge foreldra i undersøkinga. Vi meiner dette er eit sårbart område i tenesta sitt arbeid med undersøkingar, og leiinga må sørge for at partsrettar blir avklart og at undersøkingar blir innretta for å avklare barnets omsorgssituasjon samla, det vil si at undersøkingar inkluderer både den barnet bur hos og samværsforeldre.

Barn over 15 år har eigne partsrettar i barnevernets undersøking. I saksgjennomgangen fann vi ingen samtykker frå barn, sjølv om både barnets alder og det bekymringa omhandla, tilsa at det kunne vere nødvendig.

Vi vurderer derfor at barnevernstenesta har eit forbettringspotensial i forhold til å sikre alle barn og foreldre får vurdert og konkludert på, om de er part i undersøkinga. Dei vil då få mogelegheit til å kunne gjera gjeldande partsrettar etter barnevernslova og forvaltningslova. Blant anna at ein part i en sak har rett til å gjera seg kjent med dokumenta i saka, rett til kontradiksjon og rett

til å klage. Vi meiner at barnevernstenesta må bli betre på å aktivt ta stilling til kven som er part i saka. Dette bør også journalførast. Leiinga må sikre at alle i tenesta er kjent med dei partsrettane som følgjer av forvaltningslova.

Avgjerdsprosessar og vurderingar

I kravet til forsvarleg gjennomføring av undersøking, ligg blant anna at undersøkinga må omfatte alle relevante forhold og vere grundig nok til at barnevernstenesta kan vurdere kva som er barnet sitt behov for tiltak. Undersøkinga skal gjennomførast så raskt som nødvendig, og vere så omfattande som barnets situasjon krev. Gode og faglege vurderingar av barn sine behov i undersøkingsfasen er ein føresetnad for at barnevernstenesta skal kunne gje barnet forsvarleg hjelp. Det er naturleg at barnevernstenesta ved start av undersøkinga tek utgangspunkt i informasjonen i meldinga. Gjennom undersøkinga må barnevernstenesta vurdere og analysere informasjon de har, ta stilling til kva det er behov for å undersøke nærare, og om undersøkinga eventuelt må justerast ut frå informasjonen som kjem til undervegs. I saksgjennomgangen ser vi at barnevernstenesta i nokon saker undersøker same tema fleire gonger. Dette utgjør slik vi ser det ein risiko for at barns omsorgssituasjon i nokon saker ikkje blir avklara innan rimeleg tid. I fleire saker er det ikkje dokumentert at barnevernstenesta systematisk har gjennomgått den samla informasjonen dei har om barnet og familien og analysert til dømes om tiltaka som er satt inn er tilstrekkeleg for å ivareta barnets omsorgsbehov. I desse sakene ser vi likevel at barnevernstenesta ofte har hatt kontakt med familien mellom undersøkingane, og at det går fram av sakens dokumenter at det er bekymring for barnet, men at det av ulike årsaker ikkje har lukkast barnevernstenesta å få svart ut alle bekymringsforholda i den første undersøkinga.

Dette utgjør slik vi ser det ein risiko for at nokon av undersøkingane ikkje fangar opp vesentlege forhold som er av betydning for å forstå barns situasjon og behov.

Vi meiner at våre funn ikkje er teikn på systematisk svikt i tenesta, men ved at barnevernstenesta systematisk følgjer opp informasjon som kjem inn undervegs i saka, og ved at informasjon om familien frå tidlegare blir teke med i pågåande undersøkingar, sikrar tenesta at all tilgjengeleg informasjon om barnet kan bli analysert og vurdert forsvarleg. Vi ser at analyse og vurderingsarbeidet blir gjort i dei aller fleste sakene vi har gått igjennom, men vi er samde med tenesta sin eigen vurdering av at analysearbeidet bør bli meir systematisk.

Vår samla vurdering er at barnevernstenesta i dei fleste sakene avklarar barns omsorgssituasjon tilstrekkeleg godt, og får iverksett tiltak som er tilpassa barnet og familien sine behov innan rimeleg tid. Vi ser òg at barnevernstenesta i fleire saker setter inn tiltak i pågåande undersøkingar for å sikre barnet.

Dette kan til dømes vere umelde heimebesøk og/eller urinprøvar av foreldre. Vi meiner avgjerdsprosessar og vurderingar undervegs i arbeidet er i tråd med kravet til forsvarleg verksemd, og at praksis er i tråd med tenesta sine rutinar.

Barns rett til medverknad og grunnlag for avgjerder

Barns rett til å medverke er ein grunnleggjande rett, og barns mening og syn på saka er avgjerande for å opplyse barnevernssaka godt nok. Tenesta har som rutine at kontaktpersonen snakkar med barn som ein del av undersøkinga. Dette blir bekrefta av saksgjennomgangen og

intervju. Vi ser at barnevernstenesta gjennom å snakke med barnet om bekymringa og om sin situasjon, får den viktigaste kjelda til informasjon om barnets omsorgssituasjon, og dermed få eit tilstrekkeleg grunnlag for sine vurderingar.

Vidare ser vi i saksgjennomgangen at barnet blir snakka med fleire gonger, for at barn skal få tillit til barnevernstenesta, bli kjent med kontaktpersonen, forstå kva dei skal uttale seg om og kvifor informasjon frå dei er viktig. Vi ser at barnevernstenesta legg til rette for at samtalen med barnet blir gjennomført slik at barnet skal føle seg trygg, til dømes ved at foreldra eller lærar er til stades. Vidare ser vi at barnevernstenesta har snakka om sentrale tema/innhaldet i bekymringa med barnet, og at barnet i hovudsak blir snakka med kort tid etter til dømes ei alvorleg hending har skjedd. I nokon få saker er det også dokumentert at dei har fått informasjon om korleis informasjonen blir brukt og kven som får vite kva dei har fortalt. Vi oppmodar tenesta til å dokumentere dette i alle sakene, då det kan bidra til at barn får nødvendig tillit til å snakke fritt og trygt.

Vi meiner barnevernstenesta legg til rette for at barn får informasjon om bekymringa og barnevernstenesta sitt arbeid. Vi meiner òg at det i arbeidet blir lagt til rette for at barn skal bli trygge nok til å kunne uttale seg om sin situasjon til kontaktpersonen.

Barns rett til å medverke betyr at barns meining skal bli vurdert opp mot andre forhold før det blir gjort vedtak i saka. Barn skal bli orientert om arbeidet som blir gjort undervegs i undersøkingar, og få tilpassa informasjon om si sak.

Vi meiner på denne bakgrunn at tenesta sikrar medverknad, og får kunnskap om barnet til å gjere forsvarlege vurderingar av omsorgssituasjonen.

Barnets beste

På bakgrunn av at omsynet til barnets beste er avgjerande i barnevernssaker, er det plikt til å dokumentere barnets beste i barnevernstenestas avgjerder. Under dette skal barneverntenesta dokumentere barnets synspunkt og kva vekt synspunktet er tillagt.

Konklusjon på undersøkinga og vurderingar knytt til konklusjonen skal komme fram i vedtak om avslutning av undersøkinga. Det er gjort vedtak i alle sakene vi har gått igjennom. I fleire av vedtaka er det manglar ved at det ikkje går fram korleis informasjon om og frå barnet er vurdert opp mot annan informasjon. Dette gjeld også vurdering av barnets beste. Fleire av vedtaka mangla og informasjon om kva for hjelp barnet sjølv fortalde det hadde behov for. Når vi les undersøkingssrapportane og journalnotat finner vi informasjon om dette. Sjølv om dette er ein svakheit, meiner vi at det ikkje er av eit slikt omfang at det utgjer eit lovbrøt. Vi forutset at barnevernstenesta jobbar med rettleiing og godkjenning av vedtak, slik at dei nemnte manglane blir retta opp.

Leiinga sin oppfølging og kontroll av arbeidet i undersøkingar

Vi vurderer at tenesta sin internkontroll er tydeleg. Tenesta si organisering er klar, og ansvars- og rapporteringslinene mellom einingsleiar og leiinga i kommunen, og mellom einingsleiar og lagleiarane/fagleiar og kontaktpersonane er tydeleg og satt i system med rutinar og regelmessige møter.

Vi meiner at leiinga på ein systematisk måte følgjer med på at undersøkingar blir gjennomført slik at barns omsorgssituasjon blir avklart innan rimeleg tid. Vi vurderer at leiinga følgjer med på at kvaliteten på undersøkingar er innanfor lovkrav, både når det gjeld framdrift, dokumentasjon, vurdering og konklusjon. Sjølv om vi har påpeika forbettringspunkt hos tenesta, meiner vi at barnevernstenesta sine rutinar på ein god måte skildrar kva som skal gjerast i dei ulike fasane av undersøkinga, og at det er gode nok system for å kontrollere og ha oversikt over at arbeidet blir forberedt og gjennomført på ein planmessig måte.

Kontaktpersonane og lagleiarane har treffpunkt for rettleiing og evaluering gjennom undersøkinga, og einingsleiar skal godkjenne vedtak om tvang. Einingsleiar har leiarmøte med lagleiarane annan kvar veke der faste punkt som personalsituasjonen, gjennomgang av nøkkeltal, økonomi og gjennomgang av meldte avvik.

Samsvar i intervju med tilsette viser at rutine, ansvarslinene, rapporteringslinene og avgjerdsmynde i forhold til undersøkingarbeidet er kjent for dei tilsette og blir brukt i arbeidet. Vår gjennomgang av saksmappene er samstemt med den praksis dei tilsette fortalte om. Også politisk leiing blir haldt orientert om status i tenesta.

Grunna samsvar mellom skriftlege rutinar og intervju samanstillt med våre funn i saksgjennomgangen er vår vurdering at barnevernstenesta gjennom sin styring og leiing sikrar forsvarleg planlegging og gjennomføring av undersøkingar.

5. Statsforvaltarens konklusjon

Det vart ikkje avdekka lovbrøt under tilsynet.

Endeleg rapport vert oversendt Statens helsetilsyn for publisering på www.helsetilsynet.no

Med helsing

Sjur Lehmann
fylkeslege

Vibeke Herskedal
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Gjennomføring av tilsynet

I dette vedlegget omtaler vi korleis tilsynet vart gjennomført, og kven som deltok. Varsel om tilsynet vart sendt 17.08.2021.

Tilsynsbesøket blei gjennomført ved SIB, og innleia med eit kort informasjonsmøte 19.10.2021. Oppsummerande møte med gjennomgang av funn blei halde 21.10.2021. Ein del dokument blei tilsendt og gjennomgått på førehand, mens andre dokument blei overlevert og gjennomgått i løpet av tilsynsbesøket.

Følgjande dokument vart gjennomgått og vurderte som relevante for tilsynet:

- Organisasjonskart for kommunen
- Samarbeidsavtale for Sunnhordland Interkommunale barnevern
- Organisasjonskart for barnevernstenesta
- Oversikt over tilsette, utdanning og lagsamansetjing
- Ansvars- og oppgåvefordeling i SIB – barnevernsleiar, fagleiar, lagleiar, og kontaktpersonar
- Kompetanseplan for Sunnhordland Interkommunale barnevernsteneste 2020-2021
- Rutine/mal barnesamtale
- Klementsrudarbeid – erfaringsbasert metode for barnevernstenesta sitt arbeid med vald i nære relasjonar
- Rutine/mal gjennomgang melding
- Rutine/mal undersøkingsrapport
- Rutine Mottak og registrering av melding
- Rutine Gjennomgang og vurdering av melding
- Rutine Tilbakemelding til meldar
- Rutine Iverksetting av undersøking
- Rutine Gjennomføring av undersøking
- Rutine Fyrstesamtale
- Rutine Innhenting av informasjon
- Rutine Utviding av frist ved undersøking
- Rutine Konklusjon av undersøking
- Prosedyre Undersøkingsrapport
- Sjekkliste for arbeid med undersøkingar
- Prosedyre Interne fristar
- Prosedyre Melde til politiet ved alvorlege brotsverk
- Handlingsplan mot vald og overgrep 2020-2024
- Oversikt over meldingar
- Oversikt over undersøkingar
- Kontaktinformasjon til barn og foreldre for intervju

Det vart valt 22 mapper etter følgjande kriteria:

Undersøkingar gjennomført i perioden frå 1. august 2021 til 31. juli 2021. Undersøkingane vi har vald ut er saker der det er bekymring for at barn er utsett for alvorleg omsorgssvikt, vald eller seksuelle overgrep.

I tabellen under gir vi eit oversyn over kven som vart intervjuet, og kven som deltok på oppsummerande møte ved tilsynsbesøket:

Ikkje publisert her.

Vi har i samband med tilsynet intervjuet to barn og ti foreldre/foreldrepar.

Desse deltok frå tilsynsmyndigheita:

- seniorrådgjevar, Vibeke Herskedal, Statsforvaltaren i Vestland, revisjonsleiar
 - seniorrådgjevar, Eva Ekblom, Statsforvaltaren i Vestland, revisor
 - seniorrådgjevar, Gunn Randi Bjørnevoll, Statsforvaltaren i Vestland, revisor
-

Alle tilsynsrapporter fra dette landsomfattende tilsynet

2020–2021 Undersøkelser i barnevernet

Fra: Hogne Haktorson[Hogne.Haktorson@vlfk.no]
Sendt: 25.03.2022 14:35:11
Til: Roald Breistein;Kjartan Haugsnes;Helge Inge Johansen;Einar Kåre
Ulla[Roald.Breistein@vlfk.no;Kjartan.Haugnes@vlfk.no;Helge.Inge.Johansen@vlfk.no;Einar.Kare.Ulla@vlfk.no]
Tittel: VS: FKT - Høring Veileder Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget

Til orientering!

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet



tlf: 91 10 59 82
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>
Sendt: fredag 25. mars 2022 13:55
Til: Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>
Emne: FKT - Høring Veileder Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget

Til FKTs medlemmer v/leder kontrollutvalg og leder sekretariat

Forum for kontroll og tilsyn inviterer medlemmene til å komme med høringssvar til forslag til veileder for håndtering av henvendelser til kontrollutvalget.

Henvendelser med generelle innspill til tema og områder for revisjon kan for eksempel komme fra innbyggere, folkevalgte, næringsaktører, ansatte, media, organisasjoner og revisor. Slike henvendelser behandles på ordinær måte i forbindelse med kontrollutvalgets planarbeid.

Kontrollutvalgets undersøkelser kan også være basert på henvendelser om mer konkrete og mulige kritikkverdige forhold. Denne veilederen gir først og fremst råd om hvordan denne type henvendelser kan håndteres.

Vi håper at dere vil ta dere tid til å lese forslaget og sende noen tilbakemeldinger til oss. På den måten kan vi få et godt og anvendbart sluttprodukt.

Høringsfristen er 9. mai.

Med vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær

Forum for kontroll og tilsyn / Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo / fkt@fkt.no / +47 414 71 166 /
www.fkt.no



VEILEDER

Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget

© Forum for kontroll og tilsyn 2022

Innhold

Oppsummering av anbefalinger	3
1. Innledning	4
2. Kontrollutvalgets mandat og avklaring av roller	6
2.1 Kontrollutvalgets mandat og forholdet til kommunestyret.....	6
2.2 Rolleavklaringer.....	6
3. God forvaltningsskikk	7
3.1 God forvaltningsskikk.....	7
3.2 Skriftlige henvendelser	7
3.3 Muntlige henvendelser.....	8
3.4 Tilbakemelding til avsender – sekretariatets veiledningsplikt	9
4. Sekretariatets behandling av henvendelser	10
4.1 Ulik praksis	10
4.2 Forslag til fremgangsmåte	10
5. Kontrollutvalgets vurdering av henvendelser	11
5.1 «Trafikklysmodellen» - et verktøy som kan være til hjelp for vurderingen	11
5.2 Henvendelser som faller utenfor kontrollutvalgets mandat	11
6. Kontrollutvalgets oppfølging av henvendelser	13
6.1 Ressurser	13
6.2 Kontrollutvalgets verktøykasse.....	13
7. Synliggjøring av kontrollutvalgets arbeid	14
7.1 Informasjon til innbyggere og andre	14
7.2 Kommunikasjonsstrategi	14
VEDLEGG 1 Eksempel på retningslinjer for håndtering av henvendelser til kontrollutvalget	15
VEDLEGG 2 Tiltak for god dialog og samhandling med kommunestyret	17
VEDLEGG 3 Hva er et saksdokument?	18

Oppsummering av anbefalinger

Anbefaling 1

I tråd med god forvaltningsskikk, bør alle skriftlige henvendelser til kontrollutvalget gå til sekretariatets postmottak for journalføring.

Anbefaling 2

Muntlige henvendelser bør skriftliggjøres.

Anbefaling 3

Den som henvender seg til kontrollutvalget bør få en skriftlig tilbakemelding på at henvendelsen er mottatt.

Anbefaling 4

Kontrollutvalget bør utarbeide egne retningslinjer for håndtering av henvendelser. Disse bør inneholde en fremgangsmåte for saksbehandling av henvendelser.

Anbefaling 5

Kontrollutvalget bør bruke «trafikklysmodellen» når kontrollutvalget skal vurdere om innholdet i en henvendelse skal følges opp.

Anbefaling 6

Kontrollutvalget bør unngå å gå videre med saker som uttrykker generell misnøye med et politisk fattet vedtak, dreier seg om en personlig enkeltsak, er under behandling i et annet organ eller har en annen naturlig behandlingsvei.

Anbefaling 7

Kontrollutvalget bør i sitt budsjett ta høyde for uforutsette kontrollhandlinger.

Anbefaling 8

Kontrollutvalget bør drøfte hvordan utvalget vil synliggjøre sin rolle og mandat, og hvorfor utvalget ønsker å motta henvendelser.

1. Innledning

Henvendelser er en viktig del av kontrollutvalgets arbeid med å føre kontroll med den kommunale forvaltningen.

Henvendelser med generelle innspill til tema og områder for revisjon kan for eksempel komme fra innbyggere, folkevalgte, næringsaktører, ansatte, media, organisasjoner og revisor. Slike henvendelser behandles på ordinær måte i forbindelse med kontrollutvalgets planarbeid.

Kontrollutvalgets undersøkelser kan også være basert på henvendelser om mer konkrete og mulige kritikkverdige forhold. Denne veilederen gir først og fremst råd om hvordan denne type henvendelser kan håndteres.

I en uformell spørreundersøkelse som ble gjennomført blant deltakerne på FKTs fagkonferanse i 2021, svarte 65 prosent ja på spørsmålet om henvendelser er en viktig del av kontrollutvalgets arbeid. 55 prosent svarte at henvendelser har ført til at viktige forhold ble avdekket.

Det er få kontrollutvalg og sekretariat som har avtalt faste rutiner for hvordan henvendelser skal mottas og følges opp. På bakgrunn av dette opprettet FKT en arbeidsgruppe i juni 2021. Arbeidsgruppen fikk i oppdrag å utarbeide en veileder for hvordan kontrollutvalget kan håndtere henvendelser.

Arbeidsgruppen har bestått av: Henning Warloe kontrollutvalget i Bergen, Trond Egil Nilsen kontrollutvalget i Måsøy, Solveig Kvamme Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS, Ragnhild Aashaug Kontrollutvalg Fjell IKS, Hilde Rasmussen Nilsen 2. vara til styret og Anne-Karin F Pettersen generalsekretær.

Høsten 2021 gjennomførte arbeidsgruppen en undersøkelse blant FKTs medlemmer om hvordan henvendelser blir håndtert. Underveis i veilederen oppsummerer vi noen fakta og viser eksempler fra undersøkelsen.

Målgruppen for veilederen er primært kontrollutvalgsmedlemmer og ansatte i kontrollutvalgssekretariat.

Det er opp til kontrollutvalget selv å beslutte hvordan henvendelser skal behandles. Formålet med dette dokumentet er derfor å gi råd og anbefalinger.

Fakta:

Resultater etter Deloitte's uformelle undersøkelse på fagkonferansen juni 2021:

Henvendelser er en viktig del av kontrollutvalgets arbeid

- ✓ 65 prosent svarer ja på spørsmålet om henvendelser er en viktig del av kontrollutvalgets arbeid

Henvendelser har ført til at viktige forhold ble avdekket

- ✓ 55 prosent svarte at henvendelser har ført til at viktige forhold ble avdekket

Innbyggerne er den viktigste kilden for henvendelser

- ✓ 40 prosent svarer at innbyggerne er den viktigste kilden for henvendelser
- ✓ Andre kilder er folkevalgte, næringsaktører, ansatte, media og organisasjoner

Området for henvendelser er i stor grad byggesak, plan og eiendom

- ✓ 40 prosent svarer at henvendelsene gjelder byggesak, plan og eiendom
- ✓ Andre tema er økonomi, innkjøp, kontrakt, personalsaker, arbeidsmiljø, saksbehandling generelt og barnevern

Kilde: Kommunerevisoren 4-2021

2. Kontrollutvalgets mandat og avklaring av roller

Kontrollutvalget er kommunestyrets kontrollorgan. God rolleforståelse og et godt samarbeid mellom kontrollutvalget og kommunestyret kan bidra til økt interesse for kontrollarbeidet.

2.1 Kontrollutvalgets mandat og forholdet til kommunestyret

Kontrollutvalgets mandat er å være kommunestyrets utøvende kontrollorgan. Det innebærer at kontrollutvalget skal gi uttalelse om kommunens årsregnskap og årsberetning, utarbeide planer for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll og rapportere til kommunestyret om gjennomførte forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller

I tillegg har kontrollutvalget en rekke påseoppgaver i forbindelse med revisjonens utførelse av regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Kontrollutvalget skal også påse at kommunens økonomiforvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak.

Utover det som er bestemt i lov og forskrift, kan kontrollutvalget i prinsippet ta opp ethvert forhold ved kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, så lenge det kan defineres som kontrollarbeid.

God dialog og samhandling mellom kontrollutvalget og kommunestyret gjør det lettere å få aksept for at kontrollutvalgets arbeid med henvendelser er viktig og relevant. Derfor bør kontrollutvalget diskutere hvordan utvalget kan skape forståelse og interesse for kontrollutvalgets arbeid blant medlemmene i kommunestyret. Vedlegg 2 i veilederen lister opp en rekke tiltak for god dialog og samhandling med kommunestyret.

2.2 Rolleavklaringer

Styringsrolle¹

Folkevalgte har fire sentrale roller: representasjonsrollen, lederrollen, styringsrollen og arbeidsgiverrollen. Kontrollutvalgets oppgaver med å føre kontroll på vegne av kommunestyret, tilhører styringsrollen som blant annet handler om oppfølging og kontroll.

Henvendelser fra innbyggerne om mulige kritikkverdige forhold til kontrollutvalgets medlemmer, bør derfor håndteres mer formelt enn det rollen som folkevalgt ellers gir rom for.

Arbeidsmåte

Kontrollutvalgsmedlemmer bør ikke gjøre egne undersøkelser av en henvendelse eller starte innsamling av fakta. Det kan bli oppfattet som om saksbehandlingen er påbegynt før kontrollutvalget som organ har gjort sin vurdering. Dersom det er behov for å innhente mer informasjon før kontrollutvalget får henvendelsen, bør det gjøres i samarbeid med sekretariatet.

Kontrollutvalget er ikke et ordinært forvaltningsorgan som fatter enkeltvedtak.² Kontrollutvalget kan ikke fatte eller omgjøre vedtak som er bindende for administrasjonen.³ Videre betyr dette at de som kommer med henvendelser til kontrollutvalget, er ikke en part⁴ i påfølgende kontrollsak. Det er ikke klagerett på kontrollutvalgets vedtak.

¹ Tillit, KS folkevalgtprogram 2019-2023, kap. 2

² Forvaltningsloven § 2, første ledd bokstav b

³ Kontrollutvalgsboka 2021, s. 18.

⁴ Forvaltningsloven § 2, første ledd bokstav e

3. God forvaltningsskikk

Kontrollutvalget er et offentlig organ⁵ og det forventes at sekretariatet ivaretar organets journalførings- og arkivplikt. Henvendelser til kontrollutvalget fordrer en formell håndtering.

3.1 God forvaltningsskikk

God forvaltningsskikk bygger på de fire grunnleggende forvaltningsverdiene: demokrati, faglig integritet, effektivitet og rettssikkerhet. Verdiene blir ivaretatt ved at offentlige organ følger «forfatningsreglene» i forvaltningsloven, offentlighetsloven og arkivloven.

Alle offentlige organ plikter å ha et arkiv som er ordnet og innrettet slik at dokumentene er sikret som informasjonskilde for samtidig og ettertid, jf. Arkivlova § 6. Et dokument er arkivverdig dersom det enten har blitt saksbehandlet eller har verdi som dokumentasjon. Det er et sekretariatsansvar å forvalte kontrollutvalgets arkiver i tråd med gjeldende arkivlov og arkivforskrift.⁶

Offentlige organ har journalføringsplikt som følge av både offentlighetsloven og arkivforskriften. Journalen er et viktig redskap for å sikre åpenhet om offentlig saksbehandling, og er en forutsetning for demokratiet. Det er sekretariatet sitt ansvar å sørge for journalføring av kontrollutvalget sine dokumenter og korrespondanse. Sekretariatet har videre ansvar for å opprettholde personvernet til avsender ved å kontrollere at innkommende dokumenter helt eller delvis avskjermes, dersom det er hjemmel for dette.

Journalen er et viktig arbeidsverktøy som kan brukes som dokumentasjon på når en henvendelse ble mottatt, og hvordan den blir fulgt opp.

Arkiverket har utarbeidet en enkel sjekkliste⁷ som kan være til hjelp for sekretariatet.

3.2 Skriftlige henvendelser

I dag foregår det meste av kommunikasjonen digitalt, også det som kommer inn til kontrollutvalget. Det brukes mange ulike kanaler, former og sjangre. Det som før kanskje kom som et brev, kan i dag komme som en SMS, e-post, melding på sosiale medier, et dokument via et digitalt møte, eller en registrering på en webportal, for å nevne noe. Det er sekretariatet sin oppgave å vurdere hva som skal journalføres og arkiveres av kontrollutvalgets korrespondanse.⁸

Det er til god hjelp om henvendelser til kontrollutvalget kommer inn til sekretariatet. Dette for å sikre at hensynet til god forvaltningsskikk blir ivaretatt. Det betyr at dersom utvalgets medlemmer får henvendelser, bør de oversendes sekretariatet slik at de kan bli håndtert etter utvalgets rutiner.

Anbefaling 1

I tråd med god forvaltningsskikk, bør alle skriftlige henvendelser til kontrollutvalget gå til sekretariatets postmottak for journalføring.

⁵ [Rettleiar til offentleglova](#) kap. 3.1 omtaler hva som er et offentlig organ, jf. offentleglova § 2.

⁶ For mer informasjon om arkiv, se [FKT og NKRFs felles veileder for arkivordning for](#)

[kontrollutvalgssekretariat \(2015\)](#)

⁷ [Sjekkliste for journalføring og arkivering i departementene og statlige virksomheter - 2019](#)

⁸ Dokument og saksdokument er nærmere definert i vedlegg 2

Eksempel:

